

Vedlegg 1: delegatnøkkel

Kommentar: I 1. innkallinga stod Bergen SV ført opp med feil tal delegatar, etter ei omrekning har me retta talet til 32. Bergen har framleis ikkje meir enn 40% av av utsendingane til møtet.

Namn på lokallag	medlemstal pr. 31.12.24	antall delegatar
Alver SV	41	2
Askvoll SV	17	1
Askøy SV	69	3
Bergen SV	1094	32
Bjørnafjorden SV	50	2
Bremanger SV	8	1
Bømlo SV	22	1
Eidfjord SV	11	1
Fjaler SV	25	1
Gloppen SV	33	2
Høyanger SV	16	1
Kinn SV	43	2
Kvam SV	25	1
Kvinnherad SV	32	2
Luster SV	12	1
Lærdal SV	23	1
Osterøy SV	19	1
Sogndal SV	107	4
Solund SV	6	1
Stad SV	44	2
Stord SV	71	3
Sunnfjord SV	81	3
Sveio SV	23	1
Tysnes SV	17	1
Ullensvang SV	32	2
Ulvik SV	12	1
Vaksdal SV	28	1
Vik SV	15	1
Voss SV	62	3
Øygarden SV	57	2



totalt		80
---------------	--	-----------



Framlegg til:

Dagsorden for fylkesårsmøtet i Vestland SV

Fredag 7. februar: Jubileumskveldssete: SV 50 år!

19.00 Dørene opnar. Mogleg å kjøpe seg mat og drikke.

20.00 Programmet startar.

Laurdag 8. februar

09:00 **Registrering**

10:00 **Opning**

Velkomen til fylkesårsmøte ved fylkesleiar Hege Lothe.

10:15 **Sak 1 Konstituering**

Godkjenning av innkalling, dagsorden, forretningsorden og val av ordstyrarar, referentar, nemnder og protokollunderskrivarar.

10:30 **Formøte**

11:15 -11:30 *Pause*

11:30 **Den politiske situasjonen**

Innleiing ved **Marthe Hammer** - Debatt. 12:30 **Lønsj**

13:30 **Sak 2 Fråsegner**

Presentasjon av innstilling til kva fråsegner som årsmøtet skal handsame ved Vibeke Johnsen - Debatt og vedtak

13:30 Sak 2 Fråsegner

Ordskifte om fråsegner

15:30 - 15:45 *Pause*

15:45 **Frist for endringsforslag til sak 2: fråsegner**

15.45 **Sak 3 Årsmelding**

Årsmelding for Vestland SV ved fylkesleiar **Hege Lothe** og frå fylkestingsgruppa ved gruppeleiar **Marthe Hammer**

Sak 4 Rekneskap

Framlegg ved Asle Olsen

Spørsmål og debatt om årsmeldingar og rekneskap

**16.30 Sak 5 Arbeidsplan**

Framlegg ved nestleiar **Jarle Brattespe**

Sak 6 Budsjett

Presentasjon ved økonomiansvarleg **Asle Olsen**

Debatt om arbeidsplan og budsjett.

17.30 -17.45 Pause

17.45 Frist for å levere endringsframlegg til arbeidsplan og budsjett.

17.45 Sak 7 Val

- Framlegg til nytt fylkesstyre, revisorar og landsstyrerepresentantar med varaliste ved leiar i valnemnda **Veronicka Ruud**.
 - Framlegg til ny valnemnd ved **Eva Mikkelsen**
 - Framlegg til delegasjon for Vestland på landsmøtet ved **Jarle Brattespe**
- Debatt

Endringsframlegg må fremjast i debatten innan strek er satt.

18:30 Ferdig for dagen

20.00 Middag på Wesselstuen

Søndag 9. februar

10.00 **Votering** i sak 2 Fråsegner.

11.00 **Votering** i sak 5 Arbeidsplan, sak 6 budsjett

11.15 **SV's gjennomslag** med Marian Hussein

11.45 - 12.00 pause

12.00 Me delar oss: Stortingsvalkamp i Hordaland og Sogn og Fjordane

13.00 - 13:15 Pause.

13.15 **Votering** i sak 7 Val

- val av fylkesstyre, revisorar og landsstyrerepresentantar med varaliste
- val av ny valnemnd
- delegasjon til landsmøtet

13.45 **Avslutning og heving av møtet**

14:00 **Lønsj og avreise**

14.00 - 14.15 Møte for delegasjonen til LM

14.15 - Det nye fylkesstyret samlast

Sak 1: Framlegg til forretningsorden

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

a) Talerett, møterett m.m.

- Utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret og Vestland SU har fulle rettar på årsmøtet (tale-, framleggs- og røysterett). Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.
- Alle lokallag har 1 utsending. Laga får deretter 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lag kan likevel ha meir enn 40 % av det samla talet på moglege utsendingar frå lokallaga.
- Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 utsendingar med fulle rettar.
- Fylkesårsmøtet er elles ope for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.
- Utsendingar som forlét møtet må søkje om permisjon, ein søker permisjon gjennom møtesystemet eller via sekretariatet. Søknaden skal godkjennast av fylkesårsmøtet. Har ein vara må ein gje namnet på denne.

b) Framlegg og framleggsfristar

- Frist for framlegg til endring av vedtektene var 25. januar.
- Frist for innlevering av framlegg til fråsegner var 27. januar. Før fråsegnordskiftet blir det røysta over kva fråsegner fylkesårsmøtet ynskjer å handsame.
- Frist for å endringsframlegg til arbeidsplan, budsjett og fråsegner er når sakene er avslutta i salen.
- Frist for framlegg til val er når strek er satt i valdebatten.
- Alle framlegg på årsmøtet skal leverast i møtesystemet MyMeet.
- Framlegg i andre saker som til dømes forretningsorden og konstituering må fremjast i det saka er oppe til handsaming.
- For at ei ny sak skal kunne handsamast på fylkesårsmøtet må 2/3 av utsendingane vere samd i at den skal handsamast.

c) Innlegg og taletid

- Møtedeltakarane med talerett ber om innlegg via møtesystemet MyMeet.
- Taletida til innlegg er inntil 3 min. (1. innlegg) og 2 min. (2. innlegg). Det vert også opna for ein replikk, og ein svarreplikk per innlegg, på maksimalt 1 minutt

kvar. Alle som ikkje har norsk som morsmål, har funksjonsvariasjonar eller andre særskilde behov, kan be om 1 minutt ekstra.

d) Røysting

- Framlegg må ha simpelt fleirtal (fleire røyster for enn imot) for å vedta saka. Når eit framlegg når meir enn simpelt fleirtal kan røystinga avslutte. Ordstyrar vurderer om røysting kan skje fysisk eller via MyMeet. Andre røystereglar står i vedtektene.
- Om det i personval blir likt røystetal blir det røysta ein gong til. Deretter vert det loddtrekking om det framleis er likt røystetal.
- Ved personval skal det vere hemmeleg røysting dersom ein av utsendingane / røysteføre krev det.



Sak 1: Konstituering

Framleggsstillar: Fylkesstyret

Godkjenning av innkalling

Godkjenning av dagsorden

Godkjenning av forretningsorden

Val av ordstyrarar

- Hilde Hildal Hauglid, Stord
- Tom Christian Axelsen, Bergen
- Edle Daasvand, Bergen
- Steinar Øydvin, Sogndal

Val av referentar

- Synnøve Fluge, Bergen
- Håvard Skattum, Voss

Val av protokollunderskrivarar

- Morten Heszelein, Bergen
- Torunn Olsnes, Bergen
- Henning Jensen, Bergen

Val av redaksjonsnemnd for fråsegner

- Alexander Papas (leiar), Bergen
- Silje Nordtveit Olsen, Kvinnherad
- Sæmund Stokstad, Lærdal
- Silje Kristin Furesund Dyrstad, Bremanger
- Charlie Meurer- Lunde (SU)

Val av redaksjonsnemnd for arbeidsplan og budsjett

- Eva Mikkelsen (leiar), Bergen
- Jarle Brattespe, Bergen
- Ivar Stefansson, Bergen
- Alice Hestad Vie, Askvoll
- SU representant



Sak 2 Fråsegner Innstillingar frå fylkesstyret

Framleggsstillar: fylkesstyret

	Tittel	Innstilling	Grunngjeving
F1	1260 fotballbaner raserast mellom Bergen og Stavanger	Skal handsamast	
F2	Sifo satser bør være utgangspunkt når man beregner NAVytelser i Norge	Handsamast ikkje, sende til LM delegasjonen	
F3	SVleverer for kunnskapsbyen Bergen og kunnskapsregionen Vestland	Skal handsamast	
F4	Bruk havet som alternativ til Hordfast!	Handsamast ikkje, oversende til valkampgruppene	Delvis eksisterande politikk og delvis ivareteke i F1.
F5	Ærlege tal om landbruket	Avvistast til fordel for fråsegn 23	
F6	Barnhageplass hele året - sett fokus på rullerende opptak	Handsamast ikkje, sende til LM delegasjonen	Delvis ivareteke i framlegg til nytt arbeidsprogram.
F7	SVvil redde Bergensbanen!	Skal handsamast	
F8	SVvil samle venstresiden videre	Handsamast ikkje, oversende til valkampgruppene	
F9	Partiskatt	Handsamast ikkje	Må fermjast som vedtektsendring. Fristen var 31.01
F10	Ta klimaet på alvor med «den grønne tusenlappen»	Handsamast ikkje	Allereie vedteken politikk
F11	Frå omsorgstrapp til tiltaksstrapp	Handsamast ikkje, sende til fylkesstyret	
F12	Kjedemakt, beredskap og norsk mat!	Skal handsamast	
F13	Det står om fridomen!	Handsamast ikkje, oversende til valkampgruppene	
F14	Bergen SVvil verne rovdirene	Skal handsamast	
F15	Kvinnehelse – 2025 må være året kvinner blir mennesker.	Skal handsamast	
F16	Nei til eit klassesdelt arbeidsliv!	Handsamast ikkje, oversende til valkampgruppene	
F17	420kVforbindelse Kolsnes-Samnanger	Handsamast ikkje	Allereie vedteken politikk
F18	SVmå avvikle bruk av SoMø plattformen X	Handsamast ikkje, sende til Stortingssekretariatet	



F19	Posten må helt frem!	Handsamast ikkje, sende til fylkesstyret	
F20	Vern om lokalt næringsliv i Norge – Stopp netthandelsgiganten Temu	Handsamast ikkje	
F21	Klima- og natur inn i saksutredningene	Handsamast ikkje	Lokal politikk
F22	Stopp folkemordet i Palestina	Handsamast ikkje	Allerie vedteken politikk. Sjå fråsegn frå Landsstyret 25. nov. 2023
F23	Rettferd for bonden er ein føresetnad for samfundsberedskap, distrikts-Noreg og internasjonal solidaritet	Skal handsamast	
F24	Sykelonnen, IA og KS	Handsamast ikkje	Allerie vedteken politikk
F25	ID og opphaldstillatelse		
F26	Skatt på arbeidande kapital		

F1: 1260 fotballbaner raserast mellom Bergen og Stavanger

Framleggstillar: Marthe Hammer

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast

- 1 Hordfast-lobbyen kviler ikkje på latsida. Denne hausten og vinteren har vi sett det eine prosjektet
2 villare enn det andre. Hordfast-lobbyen lanserer Vestlandspakke til over 100 milliardar¹, der
3 kongstanken er å kunne køyre mellom Bergen og Stavanger på 2 timar. Dette prosjektet har ikkje
4 berre ein vanvittig kostnad, dobbelt så mykje som Hordfast aleine, det vil også rasere natur i eit
5 svært stort omfang, som har vore svært lite kommunisert fram til no. At det vil skjære gjennom
6 Stord øya som eit sår og rasere bygder på Sveio er det lite fokus på. Viss ein samanstiller alle
7 prosjekta frå Os til Bokn så er det snakk om å beslaglegga 9000 dekar med natur, det er eit areal
8 like stort som 1260 fotballbanar².
- 9 Det er berre lobbyorganisasjonar som kan få seg til å tru at ei slik gigantutbygging kan verte gjort
10 på ein så «skånsom» måte som mogleg. Det er nemleg svært begrensa kor «skånsom» ein 110
11 km/t motorveg kan byggast. Same kor mykje «solid miljøarbeid» som vert gjort i Statens vegvesen
12 eller Nye veier, så vil motorveganlegg i dette omfanget rasere enorme områder.
- 13 Heile området legg eit betydeleg innslag på raudlista naturtypar og verneområder. I 2023 signert
14 Noreg Naturavtalen, den seier vi skal verne 30% og restaurere 30% av naturen vår innan 2030, og
15 det 5 år etter at FNs naturpanel advarte om at tap av natur og artsmangfald representerte ein like
16 stor trussel som klimatrusselen. Men til tross for både signerte avtalar og advarslar, så planlegg
17 Statens vegvesen utan blick for dei utfordringar og forpliktingar som vi naturen står ovanfor.
- 18 Og klimagassutsleppa? Netto utslepp av klimagassar over 75 år: Ca 1600 til 2000 tusen tonn.
- 19 Hordfastlobbyen liker å komme med utrekningar om at Hordfast er samfunnsøkonomisk
20 lønnsamt, sjølv om fleire av oss er ueinig i det. Men her, er det ikkje tvil, dette prosjektet er enda
21 meir samfunnsøkonomisk ulønnsamt prosjekt. -13 milliard, truleg enda meir negativt. Men det
22 snakkar ikkje Hordfastlobbyen om.
- 23 Vedlikehaldsetterslepet på berre fylkesvegnettet i Vestland³ er no på 19,5 milliardar, og behovet
24 for rassikring er 23,5 mrd. SV meiner desse kongstankane må stoppast ein gong for alle. Vi må i
25 staden prioritere framkommelegheit og rassikring på det eksisterande vegnettet, bergensbanen
26 og kollektiv, sykkel og gange i byen.

¹ <https://www.bt.no/politikk/i/Jbnq34/lanserer-vestlandspakke-til-over-100-milliarder>

² <https://www.vegvesen.no/globalassets/fag/fokusomrader/nasjonal-transportplan-ntp/2025-2036/vedlegg-3-supersider-rev-27.11.23.pdf?v=491de4>

³ <https://www.naf.no/politikk-og-samfunn/samferdsel/enorme-behov-fylkesveiene>



F2 Sifo satser bør være utgangspunkt når man beregner NAV ytelser i Norge

Framleggsstillar: Kim Even Straumsnes

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 Vi ser i dag økende forskjeller mellom fattig og rik i Norge. Matkøene utenfor
- 2 matutdelingsstasjonene øker, og folk har dårlig råd. SIFO har regnet ut hva man trenger
- 3 for å ha for å dekke elementære behov som mat, klær, tlf, og strøm i Norge. Likevel
- 4 ligger mange ytelser under SIFO nivå. Dette må vi endre på. Derfor mener jeg at SV må
- 5 gå inn for at de laveste uføretrygdene, alderspensjonene, og sosialhjelpssatser må ligge
- 6 på SIFO nivå.



F3 SV leverer for kunnskapsbyen Bergen og kunnskapsregionen Vestland

Framleggstillar: Marthe Hammer, Alexander Papas og Ellen Hagen

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast

- 1 Forskning bygger samfunn. Nysgjerrighetsdrevet forskning og høyere utdanning gir oss
- 2 kunnskap om vår egen historie, innsikt om mennesket og naturen, trener oss i
- 3 systemkritikk og er nødvendig for å løse utfordringer som klimakrisen og kreftgåten.
- 4 Tilliten til forskning er under press, blant annet grunnet falske nyheter,
- 5 kommersialisering og press på ytringsfriheten. Vi er avhengige av en sterk
- 6 kunnskapssektor vi kan stole på.

- 7 Det er behov for at en større andel av samfunnets ressurser brukes på forskning. SV har
- 8 vist at vi vil satse på kunnskaps, utdannings- og kulturbyen Bergen gjennom
- 9 Griegakademiet. Vi har også sikret midler til arbeidet med samlokaliserte arealer for
- 10 havforskningsinstituttet og Akvariet. I tillegg til konkrete bevilgninger til bygg og
- 11 infrastruktur er det avgjørende viktig å sikre en høy grunnbevilgning til universitetene og
- 12 høyskolene, øke basisbevilgningene til forskningsinstituttene og sikre flere frie og
- 13 forskerinitierte prosjekt.

- 14 SV vil at den akademiske friheten styrkes og respekteres, både for forskere og
- 15 institusjoner. Vi vil sikre fri, offentlig finansiert forskning for å utvikle ny kunnskap på alle
- 16 samfunnsområder. Det er også viktig at forskningsmidler må brukes for å ta oss bort fra
- 17 oljeavhengighet mot en framtid vi ennå ikke kjenner eller forstår. Grunnforskning må
- 18 sikre at vitenskapelige ansatte i framtida i større grad enn i dag får faste stillinger og
- 19 redusert midlertidighet. Samtidig må høyere utdanningsinstitusjoner også gjøre det
- 20 attraktivt med karriere utenfor academia.
- 21

- 22 **Gjenreiser heltidsstudenten**

- 23 Skal vi sikre kunnskap for en bærekraftig samfunnsutvikling, er vi helt avhengige av at
- 24 det ikke er foreldres lommebok som avgjør hvem som kan ta seg råd til å studere. SV vil
- 25 derfor fortsette arbeidet med å sikre like muligheter for høyere utdanning for alle. SV har
- 26 startet arbeidet med å øke studiestøtta og har økt den med 22 800kr i året. Denne
- 27 økningen må fortsette helt til studiestøtta blir på 2G, om vi skal unngå å forsterke
- 28 klasseskillet innen høyere utdanning.



- 29 All offentlig høyere utdanning skal være gratis. Gratisprinsippet skal også gjelde for
30 internasjonale studenter utenfor EU/EØS og Sveits.
- 31 Alle trenger et sted å bo og derfor trenger vi å bygge flere studentboliger. SV vil bygge
32 6000 studentboliger i året, til målet om en nasjonal dekningsgrad på 30 % er nådd. Vi vil
33 også innføre tilskudd til renovering av eldre studentboliger. Vi må sikre tilstrekkelig og
34 forutsigbar finansiering av studentenes helse- og mestringstjenester.
- 35 Mange utsetter å få barn fordi de ikke har råd, SV vil gjøre det lettere å få barn som
36 student. SV vil øke støtten for studenter med barn, samt styrke rettighetene for gravide
37 og studenter med barn.

F4 Bruk havet som alternativ til Hordfast!

Framleggsstillar: Jens Revold, leder Miljøpolitisk utvalg, Vestland SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 Vestlandet (Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal fylker) er en viktig del av landet,
2 som står for hovedparten av kraftproduksjonen og en svært stor andel industri.
3 Miljøvennlig samferdsel er dermed helt avgjørende, ikke bare øst-vest med tog, men
4 også nord-sør i vår landsdel.
- 5 Ideen om en fergefri trasé over land fra Kristiansand til Trondheim er vanvittig dyr,
6 utslippsøkende og svært naturødeleggende. Vestland SV mener vi må ta sjøen i bruk,
7 slik at vi kan binde landsdelen sammen uten unødvendige naturinngrep.
- 8 Investeringskostnadene i Hordfast har økt fra 11 til 90 mrd kroner bare på årene fra
9 2011 til idag. Utslippene tilsvarer 900000 tonn CO2 ekvivalenter eller 573000 flyreiser
10 og det går med areal tilvarende 133 fotballbaner med spesielt verneverdig natur. Skal
11 det fortsette nordover kan samme målestokk brukes. Vi må avslutte denne
12 gigantsatsingen i form av firefeltsvei over hele landet og ta i bruk gode, alternative
13 transportformer for gods og mennesker.
- 14 Våre svar på dette er:
- 15 1. SV vil bygge og styrke det ordinære 8-felts vegsystemet* Dette gjelder både riks og
16 fylkesveinettet.
 - 17 2. Vi må lage en masterplan for sjøtransporten – Norges gamle ferdselsvei.
- 18 Ca. 100 ferger i Norge idag er utslippsfrie. I Nord-Norge planlegges det nå maritim
19 batteridrevet godstransport mellom Bodø og Tromsø. Hurtigbåtteknologien med
20 batteriskifte er under utvikling, men går for sakte. Mange ruter fungerer dårlig pga alt for
21 svak tilgang på ladestrøm.
- 22 Med Vestlandets historie mot sjøen ligger alt ligger til rette for at vår region kan bli selve
23 Mekka for framtidens sjøtransport. Hele det store nettverket av batterifabrikk (Corvus),
24 båtprodusenter, elektrofirma, brenselcelleteknologi o.l. som finnes her er tilsammen et
25 kompetansesenter som leverer internasjonalt. Men selskapene alt for får liten drahjelp
26 fra staten til å oppgradere eller løfte satsingene i Norge. I henhold til NTP 2025-36
27 satses det kun en brøkdel på maritim transport. Betydelige midler ligger hos ENOVA,
28 men dette er i hovedsak rettet mot langdistanse sjøtransport.



29 Det mangler dermed en offentlig satsing og oppgradering for person- og godstransport
30 langs kysten.

31 Den gamle «Flaggruten» mellom Bergen og Stavanger som ble nedlagt i 2013, må tas
32 opp igjen med rasktgående båter som tåler det åpne havstrekket nord for Haugesund
33 (Sletta). Allerede i dag går det utslippsgjerrige person/bilferger som kan ta dette
34 strekket på 2.5 time i motsetning til bussens 4.5. En i første omgang hybrid- og etter
35 hvert utslippsfri løsning, vil være et svært godt alternativ et dårlig prosjekt som Hordfast
36 er.

37 Vestland SV går for en kraftig oppgradering av den kollektive samferdselen i vår region
38 og landet som helhet. I dette bildet må vi tilbake til og styrke vår opprinnelige
39 ferdselsvei – sjøen!

F5 Ærlege tal om landbruket

Framleggsstillar: Kvinnherad SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje, til fordel for F23.

1 Bøndene og matproduksjonen dei står for er ryggraden i samfunnet, føresetnad for
2 samfunnsberedskap, grunnlaget for liv i distriktsnoreg, og ein viktig del av den
3 internasjonale solidariteten!

4
5 Den norske bonden er trua. Jamnt over er inntekta frå matproduksjon for låg til at eit
6 årsverk gir ei årslønn det går an å leva av. Eit årsverk som for øvrig har fleire timar enn eit
7 årsverk ellers. Regjeringa har vedteke eit mål om 50% sjølvforsyning når det kjem til
8 mat. Altså at 50% av kaloriane våre skal vera produsert på norske ressursar. Sjølv om
9 50% er eit relativt lågt mål, er vi ikkje eingong halvvegs sjølvforsynt med mat.

10 Med dagens sjølvforsyningsgrad, på ein stad mellom 30% og 40%, har landet vårt eit
11 stort problem dersom forsyningslinjene våre sviktar. Og dette er ikkje lenger noko
12 dommedagsprofeti. Krigen i Ukraina syner dette tydeleg. Noko av den mest produktive
13 matjorda i Europa blir no destruert og forgifta i lange tider framover. Krig er sær
14 øydeleggjande for matproduksjon. Særleg moderne krigføring, og slik krigføring som
15 Russland driv.

16 Kwart land har eit gjensidig ansvar for å produsera den maten dei er i stand til. Dette er
17 internasjonal solidaritet. Når me i dag importerer om lag 60% av våre kaloriar, sit vi i det
18 rike nord og kjøper oss ut av våre problem, samstundes som vi lagar problem for dei i
19 fattigare land. Matmangel er av mange tatt fram som ein av dei viktigaste grunnane til
20 den arabiske våren, som i stor grad enda med enda sterkare makt til allereie mektige
21 maktmenn.

22 Når folketalet på jorda kryp opp mot 10 milliardar, som er forventeta folketal i 2100, vil
23 matjord og matproduksjon berre verta viktigare. Då er det avgjerande at Noreg har ein
24 så sjølvstendig matproduksjon som mogleg. Då må det vera lønnsamt å produsera
25 planter i Noreg. Anten som mat til folk, eller som fôr til dyra våre. Landbrukspolitikken
26 som blir, og har blitt ført etter andre verdskrig, har som premiss at bruka skal bli færre
27 og større. Dette kan ikkje lenger halda fram i det langstrakte landet vårt. Når avstandane
28 aukar, vert dette korkje berekraftig eller lønsamt jordbruk.

29 I Vestland er utviklinga like kritisk som i Nord-Noreg. No er over 30% av dyrkamarka ute
30 av drift, vi nærmar oss med stormskritt den situasjonen som utspeler seg i nord. Der
31 heile dalføre er tomme for folk og dyr, og vi ikkje lenger nyttar naturressursane. Dette er



32 realiteten i Vestland om få år, dersom det ikkje skjer vesentlege endringar i måten norsk
33 jordbruk utviklar seg på, både økonomisk og i måten verkemidla blir fordelt.

34 Skal vi motverka denne trenden, må bøndene ha ei årsverksinntekt det går an å leva av
35 og den må jamstillast med tilsvarande yrker. Bonden må ha same rettar, moglegheiter
36 og velferdsvilkår, for å kunna leva eit liv på lik linje med andre i samfunnet. Ei dreining av
37 verkemidlar over på jordbruk i takt med våre naturgitte ressursar, er også avgjerande for
38 å kunna gå frå færre til fleire bønder. Verkemiddel som beitetilskot, teigbasert tilskot,
39 kanaliseringsspolitikk og ei tydelegare styring av jordbruket, må til for å få til utviklinga og
40 endringa som trengs. Å produsere mat for befolkninga er eit grunnleggande viktig
41 samfunnsoppdrag. Jorda må brukast til det den er eigna for, der den ligg.

42 Ærlege tal er omtala som eit sidespor av dei som ikkje vil stå til ansvar for sin eigen
43 politikk, det er vondt å stå til rette for noko ein veit er feil. Då er det enklare å finne opp
44 politisk svada for å unngå sanninga. Det gjer oss stolte og sterke å sjå at vår sentrale
45 leiing har det som trengs for å stå opp for bonden. Ærlege tal er ikkje det viktigste målet,
46 men sjølve føresetnaden for å nå målet. Vi kan ikkje forventa at bøndene våre skal bære
47 ei økonomisk byrde på eigne skuldre for å brødfø den norske befolkning. Dersom ikkje
48 alle kostnadar vert tekne med i målinga av bondens økonomi, vil aldri bonden bli
49 jamstilt. Når arbeidskraft blir bytta ut med kapital, MÅ kapitalen godtgjerast på lik linje
50 med kapital investert i andre næringar, og i det minste på ein slik måte at den ikkje
51 forvitrar år for år.

52 Resultatet frå behandlinga av ST 11 18. april 2024 er ei framleis underfinansiering av
53 heile jordbruksnæringa. Det einaste modellen i ST 11 sikrar, er ei fortsatt sentralisering,
54 industrialisering, og verst av alt avvikling av jordbruket.

55 Når talgrunlaget for berekning av jordbruksinntekta no skal opp til ny handsaming på
56 Stortinget, må ærlege tal og rettferd for bonden leggjast til grunn, og ikkje noko anna.
57 Dette er fundamentalt viktig for framtida for norsk landbruk, for samfunnsberedskapen
58 vår og ellers andre som treng mat i verda. For mat treng vi. Helst kvar dag i all æva!

F6 Barnehageplass hele året - sett fokus på rullerende opptak

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 I en allerede økonomisk krevende hverdag for småbarnsforeldre, blir familier i Bergen
- 2 økonomisk straffet dersom barna fødes på «feil tidspunkt» på året. Dagens
- 3 opptaksordning for barnehager er rigid og usolidarisk, og den rammer særlig kvinner
- 4 negativt.

- 5 Med kun ett hovedopptak per år, står barn født etter 30. november uten rett til
- 6 barnehageplass før august året etter de fyller ett år. Dette skaper et vakuum på opptil ni
- 7 måneder, hvor småbarnsfamilier mangler et tilbud. I praksis tvinges mange foreldre,
- 8 ofte kvinner, til å ta ulønnet permisjon. Ofte er det den forelderen som tjener minst som
- 9 tar ulønnet permisjon, og statistikken viser at dette er i stor grad kvinner. Dette svekker
- 10 kvinners økonomiske situasjon, forlenger fraværet fra arbeidslivet og forsterker
- 11 ulikheter mellom kjønnene.

- 12 Det er mange fordeler med rullerende barnehageopptak:

- 13 **Økonomisk trygghet for familier:** Foreldre slipper ulønnet permisjon, og kvinner kan
- 14 returnere til arbeidslivet raskere.

- 15 **Likestilling i praksis:** Fleksible opptak hindrer at kvinner bærer den største
- 16 økonomiske byrden ved mangel på barnehageplass.

- 17 **Langsiktige samfunnsgevinster:** Tidlig barnehagedeltakelse bidrar til å bryte
- 18 fattigdomssykluser, styrke barns sosiale ferdigheter og legge grunnlaget for videre
- 19 utdanning.

- 20

- 21 **SV vil:**

- 22
 - Tilpasse nasjonale og kommunale regelverk for barnehageopptak slik at det
 - 23 tillater kontinuerlige opptak i stedet for faste frister.
 - 24
 - Sikre økonomisk støtte til barnehager for å håndtere ujevn opptaksflyt, inkludert
 - 25 eventuelle tomgangsperioder.
 - 26
 - Sikre at ansatte i barnehager har hele og faste stillinger. En endring av
 - 27 inntaksreglene skal ikke føre til økt midlertidighet eller vikarbruk.

F7 SV vil redde Bergensbanen!

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast

- 1 Bergensbanen med sine årlege 1,3 millionar tonn gods og 1,3 millionar reisande
- 2 fortener betre. Banen som blir kalla verdas vakraste togreise, har blitt eit
- 3 utstillingsvindaug for marknadsliberalismen på sitt verste. Det er ikkje eit vakkert syn.
- 4 Manglande vedlikehald, enkeltspor, svingete trasé, stadige forseinkingar og ustabil
- 5 vinterdrift pregar Bergensbanen i dag. Problema på Bergensbana og i jernbane-Noreg
- 6 er politisk skapt og kan dermed berre løysast politisk. Alle land som lykkast med
- 7 jernbane, har noko til felles: Statleg styring og klare ansvarsforhold.
- 8 Solberg-regjeringa si jernbanereform tok eit dårleg system og gjorde det endå dårlegare.
- 9 Systemet inneber konkurranseutsetting av jernbanen, og fullstendig pulverisering av
- 10 ansvaret for han: Norske tog AS kjøper togsetta. Vy, SJ, Flytoget og Go Ahead køyrer
- 11 toga. Samferdsledepartementet set rammevilkåra. Jernbanetilsynet tar seg av
- 12 tryggleiken, medan Jernbanedirektoratet bestiller ruter, og Entur sel billettane. Mantena
- 13 reparerer togsetta, medan Bane NOR tek seg av togskinnene. Likevel tar ingen særleg
- 14 ansvar når toga står stille, og passasjerar og gods ikkje kjem fram. Det er uholdbart, og
- 15 det fører til at folk i større grad vel bil eller fly når dei skal reise mellom dei to største
- 16 byane i landet.
- 17 Skinnegåande transport har eit konkurransefortrinn – at han er føreseieleg. For
- 18 passasjerane gjev det ein tryggleik om at ein kjem fram, og for godsoperatørar er dette
- 19 heilt avgjerande. Bergensbanen kan ikkje vera eit unntak. Med sine 371 km bør det vera
- 20 ei overkommeleg oppgåve for staten å handtere, men då må nokon gjere det som
- 21 nesten ingen parti tør: Å prioritere jernbanen som nr. 1 i samferdslepolitikken.
- 22 100 år med manglande prioritering kan og bør gjerast noko med. SV vil redde
- 23 Bergensbanen!
- 24 SV vil
- 25
 - ha ein nasjonal jernbaneplan, og vil setje av nok pengar til å gjennomføre denne.
 - 26 • sikre langsiktig finansiering og tydelege mål om kor norsk jernbane skal vere om
 - 27 10 år.
 - 28 • at Stanghelle-Voss skal vere ferdig planlagt slik at vidareføring av K5 blir bygd
 - 29 ferdig utan unødvendige forseinkingar.
 - 30 • at Bergensbana på Arna-Stanghelle og Ringeriksbanda skal stå klar i 2035.
 - 31 • ha fleire og lengre strekk med dobbeltspor.



- 32 • utbetre og vedlikehalde rasoverbygg i høgfjellet og styrkje beredskapen for
33 uventa hendingar på vinterstid.

F8 SV vil samle venstresiden videre

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling frå Fylkesstyret: handsamast ikkje

1 I forlengelsen av den vedtatte uttalelsen "SV vil samle venstresiden" til Bergen SV sitt
2 årsmøte 28. januar 2023 (1), skal SV fortsette å jobbe for en ny felles folkefront (2) mot
3 de blås vekst i kommende stortingsvalg. SV skal være en pådriver for en politisk
4 bevegelse for å velte de blå, ved å styrke politiske og sosiale bånd med sivilsamfunnet.
5 Stortingsvalget blir et retningsvalg for Norge. Ved valget må en samlet venstreside love
6 velgerne at et flertall for venstresiden vil bety en regjering fra venstresiden. Den eneste
7 måten vi kan holde høyresiden unna makten og skape et grønt og rettferdig land med
8 små forskjeller, er ved å fortsette å arbeide for å samle venstresiden. Denne strategien
9 fikk den nye franske folkefronten (Nouveau Front Populaire) til å mobilisere bredt og
10 vinne parlamentsvalget i juli 2024. Det var mulig gjennom et samarbeid mellom
11 politiske partier, men også med organisasjoner og frivilligheten, samt fagforeningene.
12 Det innebar en knallhard mobilisering i levekårsområder hvor mange var resignert, ikke
13 brukte stemmeretten eller stemte ytre høyre. Det fulgte med en stor mobilisering av
14 ungdommen. Med et mål om en "folkelig demning" mot høyresiden.
15 En politisk streik skal holdes i anledning saken om privatisering av to sykehjem i Bergen
16 som behandles i bystyremøtet i januar. En samlet bevegelse skal stille utenfor rådhuset
17 og vise sin motstand og avsky. Denne mobiliseringen bør være starten på et konsistent
18 samarbeid med fagforeningene og andre som slutter seg til våre kamper for å bygge en
19 felles front.

20

21 Bergen SV vil:

- 22 • oppfordre fylkesårsmøtet til å fortsette å bygge på Bergen sin strategi om å
23 samle venstresiden i stortingsvalgekampen
- 24 • oppfordre fylkesårsmøtet til å enes om å satse stort på felles mobilisering og
25 samarbeid med fagforeninger, organisasjoner og frivilligheten som deler våre
26 verdier før, under og etter valgkampen
- 27 • at levekårsområder satses på i valgkampen for å sikre at stemmeretten brukes

28

29 Kilder:

30 (1) <https://bergen.sv.no/wp-content/uploads/sites/23/2023/01/u3-sv-vil-samle-venstresiden.pdf>

32 (2) https://snl.no/folkefront_-_partipolitisk_uttrykk

F9 Partiskatt

Framleggsstillar: Voss SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 SV har reglar om partiskatt, jf. SV sine [vedtekter § 11-6](#). Den slår fast at ein kvar skal
- 2 betala partiskatt av alle honorar og godtgjersler medlemen får for å vera folkevald.
- 3 Landsstyret har vedteke at satsen skal vera 10 prosent av brutto inntekt. Det kan
- 4 søkjast om fritak ved låg inntekt. I ein epost til Voss SV er det antyda at låg inntekt er
- 5 inntekt under 2 G. Ifylgje informasjon om partiskatt på nettsidene til SV står det mellom
- 6 anna dette: Lokal-/fylkeslaget bør ha tydelige og forankrede rutiner for hvordan den
- 7 enkelte skal innbetale partiskatten. Dette bør kommuniseres i forkant av valg til alle
- 8 kandidater.

- 9 Voss SV ynskjer å påpeike overfor organisasjonen (SV) at partiskatt kan verka som eit
- 10 negativt insentiv overfor personar som t.d jobbar deltid / er heimeverande eller har ein
- 11 sårbar økonomi. 2 G synes som ein svært låg "cut off" for fritak. Ein kan også tenkja på
- 12 dette som eit strukturelt problem i politikken, ettersom [KS har syna](#) at dei folkevalde i
- 13 snitt har nær dobbelt så høg inntekt som resten av befolkninga. Dette er eit demokratisk
- 14 problem med tanke på både representativitet, tillit, skeiv maktfordeling, etc.

- 15 Langt dei fleste som får godtgjersle har møtegodtgjersle som einaste inntekt for å vera
- 16 folkevald. Denne godtgjersla skal det betalast vanleg inntektsskatt frå i tillegg til 10
- 17 prosent partiskatt av brutto beløp. Beløpet folkevalde sit igjen med etter mange møter
- 18 og lesing av hundrevis av sider er svært beskjeden. Voss SV er kjend med at partiskatt
- 19 vert praktisert ulikt i organisasjonen, der nokon lag fylgjer dei sentrale vedtektene,
- 20 medan andre har frivillig partiskatt.

- 21 Voss SV foreslår at kvart lag sjølv kan bestemma reglane om partiskatt, og at Vestland
- 22 SV tek opp ei sak på neste Landsmøte om å sletta eller endra § 11-6 i SV sine sentrale
- 23 vedtekter.

F10 Ta klimaet på alvor med «den grønne tusenlappen»

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 SVs strategi for grønn omstilling bygger på prinsippet om «dobbel effekt», dvs. at tiltak
- 2 både skal redusere utslipp og samtidig minske inntektsforskjellene. Det må være en
- 3 klar kobling mellom økte energipriser og inntektsoverføringer som øker realinntekten til
- 4 «de mange» på bekostning av luksus-karbonforbruket til «de få».
- 5 Derfor må SVs bærebjelke når det gjelder grønn omstilling, være grønn folkebonus. Men
- 6 dersom vi skal ta klimatrusselen på alvor må bonusen opp på et helt annet nivå enn SV
- 7 har foreslått i sine alternative statsbudsjetter til nå.
- 8 Tilbakebetalingen må være minst 1000 kroner i måneden, «den grønne tusenlappen»,
- 9 dvs. 12.000 i året per person. Tilbakebetalingen bør også øke kraftig hvert år fram til
- 10 2030, om vi skal ha sjans til å nå målene for utslippsreduksjoner. Tilbakebetalingen må
- 11 gå rett inn på konto hver måned til alle med oppholdstillatelse. Personer under 18 år får
- 12 halv tilbakebetaling.
- 13 Norge må gå foran globalt ved å vise at det går an å nærme seg en riktig pris på fossile
- 14 brennstoff slik at folk med lave og normale inntekter tjener på det. Effektiv
- 15 karbonprising er det som må til for å redusere etterspørselen etter kull, olje og gass
- 16 globalt.
- 17 Grønn omstilling får vi når «grønt» blir billig og «grått» blir dyrt. En sosialt rettferdig
- 18 omstilling får vi når «de mange» får bedre råd og «de få» får dårligere råd – samtidig som
- 19 alle gjør «grønne valg» i hverdagen.
- 20
 - Bergen SV går inn for at Norge øker CO2-avgiften fra 2026 til et nivå som gir minst
 - 21 en grønn tusenlapp i grønn folkebonus til hver innbygger hver måned.
 - 22 • Avgiften må økes vider hvert år for å nå målene i 2030 og seinere.

F11 Frå omsorgstrapp til tiltakstrapp

Framleggsstillar: Sogndal SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 Kommunane vil slite med å få tak i nok fagfolk i eldreomsorga i åra som kjem. Vi blir
- 2 stadig fleire eldre og folk lever lenger. Mange vil få behov for hjelp i det daglege, på ulike
- 3 nivå. Det er eit mål at fleire skal greie seg i eigen eigna heim lenger.
- 4 Då må vi organisere denne hjelpa på ein annan måte enn i dag. Fleire kommunar, m.a.
- 5 Sogndal, har innført det dei kallar omsorgstrappa. Dei lågaste trinna utgjer dei enklaste
- 6 tiltaka som må til, dei høgaste trinna utgjer sjukeheim eller tilsvarande.
- 7 I åra framover kan både kommuneøkonomi og tilgang på fagfolk gjere at ein må
- 8 prioritera dei som har behov for mest hjelp, altså dei på dei høgaste trinna i
- 9 omsorgstrappa. Mange eldre har etterlyst tiltak på dei lågaste trinna – kva kan
- 10 kommunane tilby?
- 11 I dag bidreg frivilleg sektor med mange gode tiltak for den gruppa av eldre som treng
- 12 noko hjelp, og ikkje minst sosialt samvær. Frivilleg arbeid skal ikkje erstatte lønsarbeid.
- 13 Kanskje det likevel er behov for eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom
- 14 kommunane og frivilleg sektor? Kan ein drøfte grenseoppgangen mellom det som skal
- 15 vere eit offentleg ansvar, og det som frivillege kan ta seg av? Akkurat som nokre
- 16 sjukehus har flytta på oppgåver frå ei yrkesgruppe til ei anna, og dermed frigjort tid til at
- 17 t.d. legar og sjukepleiarar kan gjere dei jobbane som krev slik kompetanse.
- 18 Då bør ein involvere heile det kommunale apparatet, ikkje berre helse og omsorg. Kan
- 19 t.d. teknisk sektor bidra med visse typar praktisk bistand? Kva kan frivillege gjere? Kan
- 20 omsorgstrappa døypast om til ei tiltakstrapp? Der også frivillege sin innsats blir
- 21 synleggjort og blir ein del av dei lågaste trinna? Vi treng alle gode krefter i eldreomsorg i
- 22 framtida. T.d. er prosjektet «Menn i helse» ein måte å inkludere og utdanna fleire
- 23 helsearbeidarar. Slik kan også fleire av dei som er utan arbeid og aktivitet verta ein del
- 24 av frivillegheita og / eller arbeidslivet. Det er til dømes eit stort behov for besøksvener,
- 25 for transport til butikk og arrangement, samt hjelp til praktisk arbeid i hus og hage.
- 26 SV ønskjer ein debatt om organisering av eldreomsorga i kommunane, der ein tek med
- 27 alle ressursar ein rår over i det kommunale apparatet, saman med frivillege lag og
- 28 organisasjonar. Saman kan ein fylle ut omsorgs- eller tiltakstrappa. Då vil ein
- 29 samstundes gjere noko med einsemda, som og er eit stor samfunnsproblem i alle
- 30 aldersgrupper.

F12 Kjedemakt, beredskap og norsk mat!

Framleggsstillar: Vaksdal SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast

- 1 På tampen av 2024 kom nyheita om at Norgesgruppen som den største av
- 2 matvarekjedene i Noreg ikkje lenger skal tilby sine kundar mjøl frå Møllerens.
- 3 Norgesgruppen har i staden fått ein avtale med Lantmännen Cerealia eller for oss kjent
- 4 som «Regal» Frå før har Coop stengt ute Møllerens, og frå våren 2025 er det berre Rema
- 5 1000 som tilbyr norsk mjøl i butikkane.
- 6 Matvareoligarkane i Noreg (inkludert Coop) har rigga eit system som gjer at ingen tener
- 7 pengar før produkta er i hylla i butikken. Dei har (om ein vil) etablert ein føydal struktur i
- 8 matmarknaden med resultat at øvst sit ein Sveitsflyktning og på botn sit «ufrie bønder».
- 9 Det er på høg tid at storting og regjering tek tak i – og regulerer matmarknaden. Dei kan
- 10 starte med å krevje at avtalar som dette vert offentlege. Sansynlegvis må Lantmännen
- 11 Cerealia selje kveitemjøl med tap med lovnad om god hylleplassering for øvrige
- 12 produkt. Det er kveitemjølet som er avgjerande, og pris vert diktert etter kva
- 13 «Norgesgruppen» meiner er den rette med hjelp av VG sin matbørs.
- 14 Vi treng regulering som sikrar matproduksjon i Noreg og som styrkar beredskap. Når
- 15 nasjonale myndigheiter kan sende brosjyre i posten om min og din private beredskap
- 16 utan samstundes syte for ei regulering av eigen matproduksjon, er det nærast eit hån.
- 17 Det er sikkert nokon som trur at matvarekjedene kan regulere seg sjølv og sjå til at
- 18 regionale og nasjonale produsentar overlever i marknaden. Svaret er sannsynleg tvert
- 19 om – at fleire norske produsentar sit med avtalar i matvarekjedene som trugar deira
- 20 eigen eksistens.
- 21 Norgesmøllene (Møllerens) vart etablert i 1866 og er eigd av norske bønder. SV krev at
- 22 regjeringa tek grep som sikrar at norsk mat produsert av norske bønder og foredla i
- 23 norske møller vert tilbydd i alle butikkar i Noreg. For norske arbeidsplassar, men ikkje
- 24 minst for norsk matvaretryggleik og beredskap.
- 25 Denne uttalen vert sendt landsmøtet til SV 14. – 16. mars 2025.

F13 Det står om fridomen!

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 Små forskjellar, sterke fellesskap og høg tillit, har kjenneteikna Noreg over lang tid.
- 2 Dessverre er det mørke skyar i horisonten. Internasjonalt ser me at forskjellane aukar,
- 3 medan tilliten mellom folk går ned. Sjølv om mykje går godt i Noreg, kan me ikkje vera
- 4 naive i møte med denne utviklinga.
- 5 Her heime flyr dei borgarlege partia høgt på målingane for tida. Dei formidlar ein
- 6 bodskap om meir fridom igjennom færre statlege reguleringar, fleire kommersielle
- 7 aktørar i velferda, og effektivisering av den offentlege pengebruken. Sjølv om dette
- 8 tilsynelatande kan verka både forlokkande og fornuftig ut for mange, vil konsekvensane
- 9 av denne politikken gje det motsette av fridom.
- 10 Høgresida fortel ei historie om at lever over evne. Kvar einaste gong dei styrer, evnar dei
- 11 å kutta skattane meir enn det venstresida klarar å reversera. For kvar periode blir det
- 12 mindre å driva velferd for. Mindre til utdanning, helsetenester og eldreomsorg. Det me
- 13 treng er meir velferd og mindre feilinformasjon. Folk må ha tillit til at dei får mest igjen
- 14 ved å bidra til velferdsstaten over skattesetelen, og det er politikarane sitt ansvar å visa
- 15 at dette spleiselaget gjev best kvalitet og tenester over heile landet.
- 16 I ei tid der fleire slit med å få endane til å møtast, mange står utanfor bustadmarknaden,
- 17 og offentlege midlar i stor skala blir sendt til skatteparadis, skal SV vera garantisten for
- 18 fridom. Ikkje gjennom kutt og kommersialisering, men fellesskap og fordeling. SV vil
- 19 kjempa for eit arbeidsliv og eit samfunn der folk har ei trygg inntekt, ein velferdsstat der
- 20 skattepengane til velferd faktisk går til velferd, og ein bustadmarknad som gjev oss alle
- 21 ein god stad å bu til ein rimeleg pris.
- 22 Skal me sikra tilliten til fellesskapet og den offentlege velferda, så må det kraftigare lut
- 23 til enn det Arbeidarpartiet og Senterpartiet har prestert. Dei siste åra har SV brukt
- 24 budsjettmakta vår i Stortinget på å gjera regjeringa sine grå kuttbudsjett meir rettferdige
- 25 og utvida velferdsstaten, men me er ikkje i mål.
- 26 Stortingsvalet i 2025 blir kanskje det viktigaste vegvalet for Noreg på mange tiår. Folk sin
- 27 tryggleik avhenger av eit fleirtal på venstresida. Eit slikt fleirtal treng eit kraftfullt SV for å
- 28 kunna snu utviklinga. SV er alternativet til ei tafatt regjering og ei mørkeblå høgreside.
- 29 Det står om fridomen.



F14 Bergen SV vil verne rovdyprene

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast

- 1 Av de fem store rovdyprene i Norge er fire (Bjørn, ulv, gaupe, jerv) på rødlisten, dvs. sterkt
- 2 truet. Rovdyr i Norge finnes hovedsakelig i de nordlige og østlige delene av landet. Ifølge
- 3 Bernkonvensjonen som Norge ratifiserte i 1986 så har vi et stort ansvar for alle arter.
- 4 Bergen SV mener disse stolte dyrene (med god kontroll) også må få kunne etablere seg i
- 5 våre områder, spesielt innen nasjonalparkene. Konkret anbefales følgende:
- 6 1. Gaupeynglinger må få lov til å etablere seg i Vestland fylke. Før Hordaland ble slått
- 7 sammen med Sogn og Fjordane og ble til Vestland, gjorde Hordaland Fylkeskommune
- 8 et vedtak om å tillate gaupeynglinger i Hordaland. Vestland fylke må videreføre vedtaket
- 9 om gaupeynglinger i Hordaland. Det må jobbes konkret med preventive tiltak for å
- 10 unngå konflikter mellom gaupe og beitenæring.
- 11
- 12 2. Bergen SV protesterer på lisensjakt på ulv og uttak av familiegrupper av ulv inne i
- 13 ulvesonen. Bergen SV sier nei til å tillate lisensjakt på ulv inne i ulvesonen.

F15 Kvinnehelse – 2025 må være året kvinner blir mennesker.

Framleggsstillar: Marthe Hammer og Marianne Sæhle

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast

- 1 Bildet av LO leder Peggy Hessen Følsvik alene i debatten mot norske arbeidsgivere var
- 2 året 2024 medieøyeblikk i Norge. LO som «alene» sto opp for sykelønnsordningen vel
- 3 vitende at hun hadde over en million medlemmer i ryggen – mange av dem kvinner.
- 4 LO – lederen vet det vi vet. «Kvinnehelse» har også noe med arbeidshverdagen å gjøre.
- 5 At kvinners sykdom ikke tas på alvor. At kvinners helse ikke tas på alvor. At kvinners
- 6 reproduktive retter ikke tas på alvor. At kvinner i overgangsalderen ikke tas på alvor. At
- 7 kvinner utsettes for vold og voldtekt ikke tas på alvor. At sykdommer som kun rammer
- 8 kvinner fremdeles er et mysterium for helsevesen og farmasøytisk industri.
- 9 Kvinner tar vare på egen helse så godt de kan. Men i 2025 er fremdeles
- 10 østrogenbehandling i overgangsalder ikke på blå resept. I 2025 er
- 11 mammografiprogrammet fremdeles utenfor frikortordning.
- 12 I 2023 kom Kvinnehelseutvalgets NOU. Etter lansering har lite skjedd og fremdeles
- 13 venter man på «kunnskapsløft» og «utredninger» om hva som er så spesielt med
- 14 kvinner?
- 15 Vestland SV blant annet vil kreve
- 16
 - At kvinnehelseutvalgets rapport snarest gjøres om til praktisk politikk.
 - 17 • At forskning på kvinnehelse prioriteres
 - 18 • At mammografiprogrammet tas inn i frikortordning.
 - 19 • At all østrogenbehandling kommer på blå resept.
 - 20 • At prevensjon gjøres gratis for kvinner.
 - 21 • At sanitærprodukter blir gratis
 - 22 • Kvinnehelse må bli obligatorisk i legeutdanning
 - 23 • Vaksine mot HPV – virus som anbefalt (Gardasil)
 - 24 • at kvinner får en-til-en-omsorg i aktiv fødsel, og nok tid til å kunne etablere amming
 - 25 før hjemreise.
 - 26 • Styrke forebygging, kompetanse og oppfølging av kvinner utsatt for vold
 - 27 • sørge for at kvinners arbeidshelse likestilles med menns i yrkesskaderegulverket.

F16 Nei til eit klassesdelt arbeidsliv!

Framleggsstillar: Vaksdal SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 Sjukelønsordninga er ein av berebjelkane i norsk arbeidsliv. Ordninga gjer oss trygge på
- 2 at sjukdom ikkje fører til ruin, i tillegg gjer ordninga oss trygge på ikkje å verte støytt ut av
- 3 arbeidslivet. I motsetnad til mange land i Europa skaper den norske
- 4 arbeidslivsmodellen tryggleik, føreseielegheit og lite konflikt. Samstundes viser og den
- 5 norske arbeidslivsmodellen at Noreg er på topp i verda i produktivitet.
- 6 Sjukelønsordninga vart innført i Noreg i 1978 for å utjamne forskjellane mellom arbeidar
- 7 og funksjonær. Den sikrar alle arbeidarar full løn under sjukdom uavhengig av stilling og
- 8 inntekt. Å svekke sjukelønsordninga undergrev den norske modellen og aukar
- 9 forskjellane i eit solidarisk arbeidsliv.
- 10 Eit inkluderande arbeidsliv krev betre samarbeid mellom arbeidsgjevar og
- 11 arbeidstakarorganisasjonane. Det krev at samarbeid med tillit i botnen.
- 12 SV meiner det er forkasteleg at KS som den største arbeidsgjevarorganisasjonen i
- 13 offentleg sektor ønskjer å forringe dagens sjukelønsordning. Kva er det KS eigentleg
- 14 meiner? Ønskjer KS å forringe tariffavtalane i offentleg sektor? Ønskjer dei meir
- 15 privatisering i kommune – Noreg? Ønskjer dei å støtte arbeidsgjevarorganisasjonane i
- 16 privat sektor slik at arbeidarar som ikkje har sjukeløn i tariffavtalane sine skal betale
- 17 meir sjølv?
- 18 KS – saman med NHO, Spekter og Virke skjønar ikkje at sjukelønsordninga er ikkje berre
- 19 ein rett, det er og ei investering i eit inkluderande og meir rettferdig samfunn.
- 20 Forsvar for sjukelønsordninga handlar om kva samfunn vi vil ha. Det handlar om ein
- 21 solidarisk velferdsstat for alle. Kort fortalt handlar det om at frisøren din skal ha same
- 22 sikkerheitsnett som KS direktøren. Dette er ein kamp vi saman med LO skal vinne.

F17 420kV forbindelse Kolsnes-Samnanger

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling frå fylkesstyret: handsamast ikkje

- 1 Bergen SV er svært kritiske til Statnett sine forslag til traseer for eventuell ny 420kV
- 2 forsyningslinje Samnanger-Kolsnes. Staten har tatt del i naturavtalen, den forplikter
- 3 Norge til å verne og gjenopprette natur i stort omfang. Da må statlige organer som
- 4 Statnett og NVE legge vern av urørt natur til grunn som viktigste hensyn ved all utbygging
- 5 av infrastruktur, ikke legge ny infrastruktur til urørt natur, slik Statnetts traseforslag gjør.
- 6 Bergen SV mener at det må være et grunnleggende prinsipp ved bygging av
- 7 transmisjonsnett at man så sant det er praktisk mulig bruker eksisterende traseer,
- 8 framfor å bygge nye traseer i naturen.
- 9 Motstanden mot linjetraseene er derfor stor i både Alver, Osterøy og Vaksdal. Også i
- 10 Samnanger er det stor motstand mot spesielt alternativ 1.0 og 2.0 som er planlagt
- 11 gjennom det mest brukte turområdet i kommunen.
- 12 En rapport fra Æge Energy, bestilt av Alver kommune, framhever Naturvernforbundet
- 13 sitt alternativ, som seinere har fått nummer 6.1. Bergen SV krever at denne traseen må
- 14 utredes på linje med Statnetts foretrukne alternativer. 6.1 følger eksisterende traseer,
- 15 og bruker sjøkabel fra Eidsvåg ut Herdlefjorden til Merkesvik, der den følger Statnetts
- 16 forslag det siste stykket til Kolsnes. Alternativ 6.1 vil legge beslag på langt mindre natur,
- 17 det vil bedre forsyningsikkerheten for Bergen, og lengden på traseen er langt kortere
- 18 enn Statnetts foretrukne alternativer. Om dette alternativet ikke blir seriøst utredet, ville
- 19 det være å overkjøre både Norges forpliktelser i henhold til Naturavtalen, og den sterke
- 20 motstanden blant folk og kommuner som rammes av Statnetts foretrukne trasevalg.
- 21 Bergen SV krever at det reelle behovet for en ny forsyningslinje vurderes kritisk før
- 22 eventuell konsesjon blir gitt. En stor del av kraftbehovet som nødvendiggjør ny
- 23 utbygging kommer av elektrifisering av sokkelen. Bergen SV mener at oljeindustrien selv
- 24 må ha ansvaret for å fjerne egne klimautslipp, og det må ikke skje med rein fornybar
- 25 kraft fra land – heller ikke som balansekraft. Å bruke rein energi for å hente opp fossil
- 26 energi gir ingen mening. Industrien har tilgjengelig uendelige mengder energi. Denne
- 27 kan benyttes, med lagring av CO₂.
- 28 Det er enorme kraftbehov som lanseres gjennom luftige industriprosjekter i
- 29 Nordhordland. Langt fra all industri fortjener rein norsk kraft. Bergen SV mener at rein
- 30 norsk vannkraft er en begrenset ressurs. Derfor må bruken prioriteres ut fra behovet for
- 31 statlige subsidier, samfunnsnytte, arbeidsplasser og miljøpåvirkning. Om strømprisen



32 er lav, og det ikke skjer noen prioritering av hvem som skal få kraft, spørs det om det er
33 nok med én ny forsyningslinje. Da kan snart behovet melde seg for flere linjer.

34 Bergen SV mener at en nødvendig, kraftig satsing på energiøkonomisering kombinert
35 med prioritering av kraftbehovet, sannsynligvis vil føre til at oppgradering av det
36 eksisterende transmisjonsnett vil være tilstrekkelig til å dekke etterspørselen etter ny
37 energi på kysten.

38 Bergen SV krever derfor at:

Vestland SV er representert både på Stortinget og i den sentrale leiinga i partiet. Audun Lysbakken er stortingsrepresentant frå valkrins Hordaland. Gina Barstad og Kerim Hestnes Nisancioglu er sentralstyremedlemmer, og Sara Bell er varamedlem til sentralstyret.

Sara Bell og Ragnhild Freng Dale har sete i komiteen som skreiv framlegg til nytt arbeidsprogram for SV. Dette leggjast fram på Landsmøtet i år for handsaming.

Representasjon i politiske utval og organ frå Vestland SV

Inkluderingspolitisk utval:

Leiar: Camilla Ahamath, Bergen
Medlem: Silje Oskar Heltne, Bergen

Internasjonalt utval:

Medlem: Rafael Cobo Garrido, Askøy

Kvinnepolitisk utval:

Medlem: Eira Vilde Martinsen Garrido, Bergen
Medlem: Ellen Hagen, Vaksdal

Miljøpolitisk utval:

Medlem: Ragnhild Freng Dale, Bergen
Medlem: Dag Sandvik, Voss

Fagleg utval:

- Medlem: Marianne Sæhle, Bergen
Medlem: Sara Bell, Bergen
Medlem: Steinar Nørstebø, Bergen

EU/EØS-utvalet:

- Medlem: Hlin-Såga Brosvik Kyrkjeøy, Bergen

Samepolitisk råd:

- Vara: Ragnhild Freng Dale, Birggon/Bergen
Vara: Aslak Owren, Birggon/Bergen (tom. 28. september)
Vara: Eva Mikkelsen, Birggon/Bergen (fom. 28. september)

Studentnettverk nasjonalt:

- Leiar: Augusta Moen Opsahl, Bergen
Medlem: Tuva Brady Normanseth, Bergen

Helsepolitisk nettverk:

- Medlem: Arild Iversen, Askøy

Vedtektsnemnda:

- Medlem: Audun Syltevik, Bergen

Valnemnda:

- Medlem: Vibeke Johnsen, Sogndal

Tilsette og fylkeskontor



Figur 4: Fylkessekretær Aslak Owren og org.konsulent Sigrid Sandal på sekretærbenken i fylkestinget

På kontoret sit to tilsette på heiltid: Fylkessekretær Aslak Owren som arbeider i full stilling for Vestland SV, og organisasjonskonsulent Sigrid Sandal som arbeider i full stilling, men fordelt 50/50 mellom Vestland SV og Bergen SV.

For dei tilsette er det SV sentralt som har arbeidsgjevaransvar, mens fylkeslaget har det praktiske arbeidsleiaransvaret. Den tettaste oppfølginga i det daglege gjerast av fylkesleiar Hege Lothe saman med gruppeleiar Marthe Hammer. Leiar i Bergen SV, Audun Syltevik følgjer også opp organisasjonskonsulenten. Mellom dei tilsette er det fylkessekretær som har dagleg arbeidsleiaransvar, og dei deler arbeidet seg imellom. Fylkesleiar gjennomfører medarbeidersamtaler ein gong i året, medan dagleg leiar hjå SV sentralt har medarbeidersamtale ein gong i året.

Fylkesleiar har førsøkt å ha faste oppfølgingsmøter med dei tilsette. Når det har blitt gjort er det ein veldig godt forum å få drøfta gjennom stort og smått av oppgåver som ligg framfor oss.

Fylkessekretæren er sekretær for fylkesstyret og arbeidsutvalet, og gruppesekretær for fylkestingsgruppa. Han har stort sett å gjere med alt fylkeslaget arbeider med, og følg opp dei organisatoriske tiltaka i fylkeslaget knytt til arbeidsplan, arrangement og valkamp. Elles gjer han mykje arbeid knytt direkte til lokallaga, og utfører det daglege økonomiarbeidet i samarbeid med økonomiansvarleg Asle Olsen.

Organisasjonskonsulenten deler si arbeidstid mellom Vestland SV og Bergen SV. Ho er tett involvert i all aktivitet i Bergen SV, og gjer organisatorisk arbeid for fylkeslaget, særleg rundt større arrangement og valkamp. Ho har eit særleg ansvar for drift av våre nettsider, sosiale media og bruk av ringevertøyet Zetkin. Nytt av i 2024 er at også organisasjonskonsulent gjer arbeid med fylkestingsgruppa.

Aktivitet frå dei tilsette

Dei tilsette har delteke på strategisamlingar, saman med dei andre fylkessekretærene, tilsette på partikontoret og i Stortingssekretariatet samt stortingsrepresentantane. Sigrid var også med på studietur til København og Malmö i juni med kollegaer fra dei andre fylka. Turen var organisert av og for dei tilsette i fylka og finansiert med utviklingsmidlar frå fagforeininga. I København traff me Sosialistisk Folkeparti i innspurten av valkampen til EU-parlamentsvalet, fagforeininga 3F og folkevalde lokalt, samt deltok på morgonaksjon og hadde internopplæring. I Malmö møtte me med kommunikasjonsbyrå og våre vener i Vänsterpartiet og Zetkin foundation.

I samband med fylkessekretærsamling og fylkessamling i november, tok dei tilsette ein ekstra dag for å møte med sekretariatet på Stortinget og besøke det nye partikontoret. Det er særst nyttig og me blir oppfordra til å gjere dette, då det er sjeldan me får snakka med stortingssekretariatet åleine.

Fylkessekretær Aslak Owren har også organisert og delteke på mange gode skuleringar av lokallag fylket, både reine styreskuleringar og økonomiskulering.

Fylkeskontoret

Fylkeskontoret til Vestland SV ligg på St. Jakobs plass 9 i Bergen sentrum. Det er fast kontorstad for fylkessekretæren og organisasjonskonsulenten. Gruppeleiar Marthe Hammer brukar også dette kontoret, når ho ikkje sit på kontoret knytt til fylkeskommunen.

Vi delar kontor og utgifter med Bergen SV, Bergen SU og Vestland SU. Ungdommane brukar kontoret flittig. Dei brukar også møterommet i kjellaren når dei er mange, eller når møterommet oppe vert bruk av andre. Kontoret har god tilkomst for personar i rullestol eller med barnevogn. Vestland SV har overteke praksisen til Hordaland SV om deling av kontorkostnader. Den er no formalisert. Arbeidsutvalet har i løpet av 2024 formulert framlegg til avtalar på dette, og signert dei saman med Bergen SV og Vestland SU. Det er fleire deltar i avtala, men hovuddelinga er 40% på Vestland SV, 40% på Bergen SV og 10% på Vestland SU.

Fylkessekretæren og organisasjonskonsulenten har i laupet av sommaren og hausten gjort godt arbeid med å gå gjennom, få orden på, rydde, reparere og kasta gammalt utstyr. Då fann han også eldre historisk materiale med nokre dokument som stamma frå 30- og 40-talet. Dette er oversendt til SV sentralt for arkivering, og fleire dokument vart gjeve vidare til Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Dei tilsette har også rydda i og kasta mengder av nyare valkampmateriale. Nokre få eksemplar av kvar type materiell er teke vare på og rydda. Ein har også satt av og sendt inn fem eksemplar av kvart eks til Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek i Oslo. Elles har sju eldre datamaskinar vore til handsaming hjå Tor Lædre, som gjorde godt arbeid med å redde ut dei eldre filene. Ein særleg takk går også til Ivar Grape Arnesen som har bidrege til ryddearbeidet.

Medlemmer og medlemsverving

Ved utgangen av 2024 hadde fylkeslaget 2139 betalende medlemmer. Det er 38 fleire enn ved utgangen av 2023, men 67 færre enn ved utgangen av stortingsvalåret 2021.

Fylkeslaget har auka i medlemstal sidan Vestland SV vart oppretta i 2019. Då hadde fylkeslaget 1982 betalende medlemmer. Det er viktig å bruke det komande stortingsvalåret 2025 til å verve medlemmer.

I SV kjem utmeldingane av tre årsaker: aktiv utmelding, manglande betaling av medlemspengar og at medlemne døyr. Vi må altså erstatte dei medlemne som går ut av partiet med nye medlemmer. Talet på nye medlemmer Vestland SV i 2024 var 193

medlemer. Utmeldingar tel 160 personar, det talet dekkar aktive utmeldingar og at ein mister medlemskapet sitt grunna manglande kontingentbetaling.

Nokre lag har fått mellom 5 og 15 nye medlemer. Det er Alver SV, Asløy SV, Bjørnafjorden SV, Kvinnherad SV, Sogndal SV, Stord SV, Sunnfjord SV og Voss SV. Bergen stiller i ein kategori for seg sjølv med over 100 nyinnmeldingar. 11 av lokallaga har ingen, ein eller to innmeldingar i laupet av året. Det er ein klar samanheng mellom aktivitet og nye medlemer. Av dei mindre laga har Luster SV og Høyanger SV auka med tre medlemer og Askvoll SV har auka med to. Bergen har 1094 medlemmer og utgjer i medlemstal 51,1% av fylkeslaget.

Sjå vedlegg 1 for medlemsutvikling 2022-2024

Sjå vedlegg 2 for oversikt over inn- og utmeldingar.



Lokallaga i Vestland SV

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 30 aktive lokallag fordelt på 30 kommunar. I alle desse kommunane fekk vi inn representasjon i kommunestyra i 2023.

I løpet av 2024 har Vestland SV gjennomført nedlegging av desse lokallaga: Austrheim SV, Austevoll SV, Stryn SV og Aurland SV. Dette er alle lokallag der vi over tid har prøvd å oppretthalde aktivitet, utan at vi har fått til at dette har blitt varig aktivitet. Då vi gjorde vedtak om å formelt leggje ned lokallaga var dette i tett dialog med kontaktpersonane



lokalt. Vi stilte liste i Austrheim og i Austevoll i kommunevalet 2023, men fekk ikkje vald inn nokon i kommunestyra der.

Såleis er ikkje 2024 eit år der vi kan rapporte om vekst i talet lokallag. Det er likevel anna mykje aktivitet som gjev grunn til optimisme. Det er stor spennvidde i kva type lokallag Vestland SV har. Det største lokallaget har over halvparten av medlemmene i fylkeslaget, medan dei minste lokallaga har berre nokre få medlemmer.

Bydelslag

Det største lokallaget er Bergen SV med over 1100 medlemmer. Laget har om lag halvparten av medlemstalet i fylket. Gjennom fleire år har det vore eit ynskje i Bergen SV å få til bydelslag-organisering i Bergen. Organiseringa av bydelslaga vart jobba veldig godt med i 2023 og skaut verkeleg fart og var svært viktige i lokalvalkampen i 2023. Dette arbeidet har blitt vidareført i 2024. Dette er absolutt eit arbeid Bergen SV skal ha æra for åleine. Sidan Vestland SV er inne å finansierer deler av stillinga til organisasjonsekretær Sigrid Sandal, så er det fordi vi meiner at bydelsorganiseringa i Bergen er svært viktig for partiet.

Sidan Bergen SV har såpass høgt medlemstal gjer det sitt til at alle bygdslaga i Bergen eigentleg kan er større enn eller på linje med dei mellomstore i lag i resten av Vestland SV. Laga Arna, Laksevåg, Loddefjord, Nordnes er om lag omkring 50 medlemmer. Danmarks plass har om lag 75 medlemmer, medan Dalen, Sydneshalvøen og Åsane kan skilte med 100 medlemmer. Dei store laga er Fana og Ytrebygda og Sandviken-Fjellsiden med mellom 150-200 medlemmer. Og Årstad, som har heile 250 medlemmer åleine. Dette laget er adskilt frå Danmarks plass, nettopp for å få ned storleiken på laget. Bydelsorganiseringa er også no formalisert i vedtektene i Bergen SV. Det er kjekt å sjå at fleire av laga er veldig aktive og skapar aktivitet som Bergen SV ellers ikkje ville fått til.

Lokallagsleiarsamling

Siste åra har vi gått fekk frå tradisjonelle fadderroller for fylkesstyremedlemene knytt til enkeltlokallag då vi ikkje heilt tykkjer at det har fungert slik vi har yngst. Vi prøver å ha direkte kontakt med lokallag når det er aktuelle problemstillingar. I år har vi kalla inn til ei digital lokallagsleiarsamling. Den var 5. november der vi gjekk gjennom dei viktigaste organisatoriske løfta framover. I 2025 er det valkampår og det vil vere naturleg at slike lokallagsleiarsamlingar vert delt opp etter valkrinsar, slik at valkampgruppene følgjer opp aktiviteten og forventningane til lokallaga i stortingsvalkampen.

Skulering av lokale tillitsvalde



Figur 5: Nestleiar Jarle Brattespe heldt skulering på Stord

Hausten 2024 vart det arrangert regionale samlingar i Leirvik og Norheimsund. I desse samlingane vart fyrst fremst lokallagstillitsvalde og folkevalde invitert til samling. Det var Aslak Owren, Jarle Brattespe og Alexander Papas (Leirvik) som stod for desse samlingane. Oppmøtet var godt og det var mange gode diskusjonar. Desse samlingane var organisert av fylkessekretær Aslak. Det var bolkar om å leie eit lokallag som mellom anna handla om styrearbeid og roller i lokallaget, om lokallaget og politikken, om medlemsoppfølging, økonomi og aktivitetar i lokallaget. Det var også invitert til samling på Skei. Denne samlinga hadde veldig få påmelde, og vart avlyst. Det vart heller sett opp skuleringspunkt på nominasjonsmøtet på Sandane 9. november.

Sidan vi ikkje har eigen folkevaldsamling vart det gjort eit ekstra mobiliseringsarbeid for å få flest mogleg tillitsvalde til programkonferansen "Sosialisme på norsk" i Oslo. Det var 20 som reiste frå fylket vårt, og fleire av dei var utvalsleiarar frå fylkestyret. Det er vi svært godt nøgde med, og det var også veldig gode tilbakemeldingar frå dei som var der.

Besøk frå partikontoret og Stortinget



Figur 6 Fagleg leiar Knut Remi Heimvik med partileiar Kirsti Bergstø på Bergen Brannstasjon

Gjennom året har fylkeslaget og lokallaga fått fleire besøk frå partikontoret og Stortinget. Dessutan kjem stortingsrepresentantane etter invitasjon frå andre aktørar. Lista nedanfor gjev ikkje heile oversikta for besøk til fylket, men er døme på nokre besøk.

April: Audun Lysbakken på NTP-konferanse i Bergen

Mai: Andreas Sjalg Unneland held 1. mai-tale i Førde og Florø

Torgeir Knag Fylkesnes vitja Voss SV og Kvinnherad SV, møte storfe-bønder og småfe-bønder og deltok på folkemøte om landbrukspolitik

Aug: Ingrid Fiskaa vitja Alver SV og møtte Folk for fjella der motstand mot vindkraftsprosjekt og kraftliner

Sept: Kari Elisabeth Kaski vitja Kvam SV og hadde mellom anna møte med Naturvernforbundet og Hardanger Fartøyvernssenter

September: Partileiar Kirsti Bergstø vitja Bergen, vitja mellom anna hovudbrannstasjonen i Bergen, Bærekraftig Liv Landås, Sammen Tannklinikk, panelsamtale om ungdom og ulikheit, møte med bystyregruppa og møte med Miljøpolitisk utval i Vestland SV.

Nov: Marian Hussein vitja Sogndal SV, var mellom anna innom Lærum fabrikk, og

deltok på ope møte om kvelden.

Nov: Lars Haltbrekken vitja Mongstad i Alver

Nov: Audun Lysbakken var i Bergen for bokbad med boka si I alle dager

Des: Partisekretær Audun Herning vitja Bergen SV og Vestland SV

Des: Freddy Øvstegård vitja Sandviken-Fjellsiden SV der han deltok i bokbad med boka
Nei til EU

Jan: Nils-Erik Flatø frå partikontoret vitja årsmøtet i Bjørnafjorden SV

Jan: Andreas Sjalg Unneland vitja årsmøtet i Bergen SV

Pressearbeid gjennom året

Fylkestingsgruppa med gruppeleiar Marthe Hammer i spissen har gjort mykje pressearbeid gjennom året. Oversyn over det står i årsmeldinga frå fylkestingsgruppa. Dette oversynet gjev eit greitt oversyn over pressearbeidet gjennom året, sjølv om det heilt sikkert ei presseklipp som ikkje har kome med i lista.

- 11. feb Vestland SV i solidaritet med Gaza (debattinnlegg), Midtsiden,
- 11. feb Hege fekk fornya tillitt, Firda Tidend (pressemelding)
- 12. feb Nytt styre i Vestland SV, Grannar
- 12. feb Lothe held fram som fylkesleiar i SV, NRK Vestland
- 13. feb Hege framleis leiar, Fjordabladet
- 14. feb SVs fylkesårsmøte prioriterer K5-prosjektet, Vaksdalsposten
- 16. feb Silje Nordtveit Olsen held fram i fylkestyret i Vestland SV, Kvinneheringen
- 16. feb Mari Svartveit Hansen om fylkesvervet: - Det er ei ære for ei funkiskvinne som meg, Hardanger Folkeblad, Hordaland Folkeblad
- 8. mars Beskytt kvinner no! (debattinnlegg ved Kristin Hartvedt, kvinnepolitisk leiar i Vestland SV og Marthe Hammer, gruppeleiar på fylkestinget, Vaksdalsposten, Sogn Avis, Firda Tidend,
- 28. aug Nyvald leiar for inkluderingspolitisk utval i Vestland SV (pressemelding)
- 30. aug Ønskjer Lothe på topp - sjå heile lista
- 3. sept Vil ha Nordtveit Olsen på 3. plass på stortingslista, Kvinnheringen
- 3. sept- Eg veit korleis det er å vere ny i Norge. Fersk osing med ferskt verv, intervju med Milkissa Chimdessa Wodajo, Os og Fusaposten
- 23. sept Jon og Rana står på partiet si liste til Stortinget, Fjordenes Tidende
- 3. okt Framlegg til stortingsliste for Hordaland (pressemelding)
- 3. okt Kamp om Lysbakkens stortingsplass - delt nominasjonskomité i Vestland SV, BT
- 5. okt Haustferie: Ja eller nei? Eg trur vi treng haustferie, Firda
- 5. okt Kamp om stortingsplass, NTB-melding

- 11. okt Hege Lothe og Alice Vie innstilt til stortingslista for SV, NRK Vestland
- 2. nov Marthe Hammer vald som stortingskandidat for SV i Hordaland, TV2 nettmelding,
- 9. nov Hege Lothe toppar lista for SV i Sogn og Fjordane (pressemelding) Fjordabladet, Firda Tidend, Firdaposten, Firda, Sogn Avis,
- 8. nov Fekk tredjeplassen, Grenda
- 8. nov Krever prestisjebygg tilbake på statsbudsjettet nok en gang, BT, Khrono, Marthe Hammer
- 13. nov Desse kan hamne på stortingsbenken neste år, Fjordingen, Fjordenes Tidende
- 17. nov Asle Olsen på lista til SV, Midtsiden
- 19. nov SV støttar tilrådingane som seier nei til fusjon av kraftselskap (pressemelding om SFE og Eviny-saka), Fjordabladet, Firda Tidend, NRK Vestland nett og radio,
- 26. nov Helsing til jubilaranten: Kjellbjørg Lunde 80 år, Firda, Bergensavisen, Sunnhordland
- 1. des Nytt løft for barnetrygda med SV (pressemelding) , Fjordabladet, Firda Tidend,
- 3. des SV stoppa gruvedrift: Selskap fall kraftig på børsen etter budsjettsemje, Fjordenes Tidende
- 6. des To nye skogvernområde i Vestland (pressemelding)

Sosiale medium

Vestland SV prioriterer å vere til stades og aktive på Facebook og Instagram.

Sosiale media er viktige kommunikasjonskanalar ut til veljarar, presse, medlemmer og motstandarar. Vi møter både våre eigne, folk som kan bli samde med oss og meiningsmotstandarar der.

Me kjem ikkje utanom at særleg Facebook er ein viktig kanal for å nå ut med politiske budskap. Dette er i stadig endring og ein gjer fortløupande vurderingar av om ein skal nytte fleire og andre kanalar. For internkommunikasjon i andre organisasjonsledd tilrår fylkeslaget å nytte andre plattformer som til dømes hypersys, Zetkin og Microsoft sharepoint, då desse har betre vern av personinformasjonen til medlemma våre.

Bilete, filmar og saker på sosiale media er viktige for å skape både samkjensle og kveik i eigen organisasjon, og få ut kunnskap og argument for våre saker.

Arbeidet med sosiale medium på fylkestinga har me også trappa opp mange hakk, til gode tilbakemeldingar, også utanfor fylket. Her har me freista å skape merksemd om

dei politiske sakene som er til behandling, informere om eigne gjennomslag og vise fram representantene våre som hyggjelege og hardtarbeidande folk.

Alexander Papas i fylkestinget har også oppretta ein eigen Tik-Tok profil der han profilerer seg sjølv om fylkestingsgruppa. Han lagar særst godt innhald og får mykje kommentarar og visningar.

Av dei tilsette er det organisasjonskonsulent Sigrid Sandal som heldt i arbeidet med sosiale media, og ho gjer mykje godt arbeid med det.

Facebook

Fylkeslaget har publisert mykje innhald på Facebook-sida i 2024, men med mindre rekkevidde enn før. Dette til tross for at vi har arbeida meir systematisk med å auke rekkevidda til innlegga våre gjennom å halde eit jamnt trykk av postar gåande. Me postar meir enn profiler me kan samanlikne oss med, og i Vestland er det berre Arbeiderpartiet og MdG som har større følgjarskare enn oss, som fylkesparti. Arbeidet med eller mot algoritmane blir stadig vanskelegare. Vestland SV har 3700 følgjararar og innhaldet vårt hadde 139.000 visningar totalt i løpet av året. Dei mest populære postane våre var av Marthe Hammer på opning av dobbeltsporet mellom Bergen og Arna, samt nominasjonen hennar til Stortingsvalet.

Instagram

Fylkeslaget har publisert ein del innhald på Instagram-sida i 2024, og i mindre grad enn før som rein parallellpublisering med Facebook. I 2024 har ein også teke i mykje større grad bruk av stories og reels. Dette ser me på trafikkstatestikken at gir oss meir merksemd. Ein prøver også å legge seg på ei linje med litt meir humor og uformelle ting på instagram, enn kva me legg på facebook.

Heimesidene

Det har blitt gjort ein del arbeid med å leggje meir informasjon ut på heimesidene. I 2024 har me lagt mykje i å produsere instruksjonar om korleis gje pengegaver og sette opp faste bidrag. Samt å lage materiell til lokallaga for vervekampanjar i sosiale medium.

Stortinget og Vestland SV

Dei store økonomisakene gjennom har vore revidert statsbudsjett i mai og arbeidet fram imot statsbudsjett-forhandlingane i haust. Fylkesstyret arbeider seg fram til våre budsjettprioriteringar som vert sendt til finansfraksjonen i stortingsgruppa. Vårt inntrykk er at dette vert lytta til, men at det er spesielt viktig kontakten med Audun Lysbakken. At han framleis er så sentralt i stortingsgruppa er viktig for at Hordaland skal bli høyrte. Audun Lysbakken har jamleg kontakt med fylkeslaget gjennom å møte på måndagsmøtene. I tillegg er det direktekontakt når saker er viktige for oss. Han er vald inn for Hordaland valkrins, men er oppteken av å ha syn for interessene til heile fylkeslaget.



Figur 7: Fylkessekretær Aslak Owren og Stortingsrepresentant Audun Lysbakken på samling i Stortinget i november

Samarbeid med fylkestingsgruppa

Fylkestingsgruppa har laga ein eigen rapport for sitt arbeid som gjev ein grundig gjennomgang og analyse av dei viktigaste sakene gjennom året. Gruppeleiar på fylkestinget, Marthe Hammer, er medlem i fylkesstyret og deltek i alle møta. Ho har ein fast post der ho informerer fylkesstyret om dei viktigaste og mest aktuelle sakene.

Dei fem fylkestingsmedlemmene har delt seg i fire fraksjonar, og desse har eigne fraksjonsmøte framfor møta i utvala. Det er samferdsle, opplæring, kultur og næring. Tidlegare har vi hatt ei folkevaldsamling der både fylkesstyret, fylkestingsgruppa, lokallaga og kommunestyrerepresentantar har møtt kvarandre. Sidan det har vore nominasjonsmøte hausten 2024 vart ikkje dette lagt inn i budsjettet.

Fylkesstyret vil rette ein stor takk til heile fylkestingsgruppa og ein ekstra takk til gruppeleiar Marthe Hammer som gjer ein formidabel innsats for oss. Ho profilerer SV godt utetter, og ho er god til å finne løysingar med utgangspunkt i SVs standpunkt med dei andre partia i posisjonen.

Samarbeid med Bergen SV

Vestland SV og Bergen SV har felles kontor og deler på arbeidstida til organisasjonskonsulenten. Med kontorstad i Bergen har også lokallagsleiar vore tett på sekretariatet i det daglege, noko som er ei stor styrke for laget og drifta. Det er faste måndagsmøte på kontoret. Då deltek Audun Syltevik, leiar i Bergen SV, Mikkel Grüner, gruppeleiar i bystyret, Gabriel Steinsbekk, sekretær for bystyregruppa, Sigrid Sandal, Aslak Owren, gruppeleiar på fylkestinget, Marthe Hammer og stortingsrepresentant Audun Lysbakken. Siste månadane har også Alexander Papas delteke ved høve. Dette er fyrst og fremst ei utveksling av informasjon mellom organisasjonsledda.

I midten av desember sørga Sigrid Sandal for at det vart invitert til felles julelønsj på kontoret der tillitsvalde frå både Bergen SV, bydelslaga og Vestland SV. Veldig triveleg samling.



AU+AU-møte

Arbeidsutvala i Vestland SV og Bergen SV har eigne møte som vi kallar AU+AU-møte. I perioden har det vore to slike møter: 9. april og 30. oktober. Då diskuterer vi felles saker og saker vi bør arbeide saman om eller informere kvarandre om. Viktige emne har vore formalisering av avtalane våre om kostnadsfordeling og ansvar for felles kontor og personalressursen i form av felles organisasjonskonsulent Sigrid Sandal som jobbar 50/50 for Bergen SV og Vestland SV. Felles arbeid med studiearbeid og avklaringar om korleis vi skulle løyse det praktisk i farpermisjonen til Aslak, når Sigrid gjekk inn som fungerande fylkessekretær.

Støtte til markeringar



Figur 8 8. mars-toget i Bergen

Mars

SV-arar deltok i 8. mars-markeringar over heile fylket. I 8. mars-toget i Bergen gjekk SV under parolen "Beskytt kvinner – omvendt valdsalarm no!", og i tillegg bar dei SV-flagg.

April

Ope Ukraina-folkemøte med Peter Christian Frölich frå Fritt Ukraina, Tor Fredrik Müller frå HMM Helsehjelp Ukraina, Dag Steinfeld og den ukrainske foreninga ved Volodomyr Novosad. Dette var eit politisk uavhengig arrangement. Organisatorisk nestleiar Vibeke Johnsen representerte Vestland SV.

Mai

Alexander Papas deltok på teltaksjonen på Muséplass saman med Bergen Sosialistisk Ungdom. Her hadde studentar hatt teltaksjon i ei veke. Krava deira var at Universitetet i Bergen skal gjera akademisk boikott av Israel, og fordømme okkupasjonen og folkemordet mot palestinarane.

Alle auge på Rafah!_

Aktivistar var samla i Nygårdsparken i Bergen for å markere solidaritet med befolkninga på Gaza. Vår eigen fylkestingspolitikar Alexander Papas heldt sterk appell

Juni

Bergen Pride, kor representant frå styret deltok i markeringa og stod på stand i Pride park.

August

Sogn og Fjordane-Pride-markering i Sogndal. Vestland SV støtta tilskipinga.

Oktober


27. oktober var det eitt år sidan bakkeinvasjonen av Gaza starta. I samband med dette arrangerte SV, Rødt og Palestinakomiteen i Bergen fredsmarsj under parolane "Fritt Palestina" og Stopp folkemordet". Vestland SV var representert.

Bybanemarkeringar

Bergen SV har invitert til informasjons- og innspelsmøte, samt markeringar, om bybanen til Åsane. Vestland SV har delteke i desse.

Eigne arrangement

Mars: Arrangement om omvendt valdslarm på Bergen Offentlege Bibliotek, arrangert av Kvinnepolitisk Utval. Frå SV kom stortingsrepresentant Kathy Lie, samt ein brukarrepresentant, ein bistandsadvokat og ein politibetjent og koordinator for vald i nære relasjonar og seksualbrottsverk.



Figur 9: Kvinnepolitisk leiar i Vestland SV Kristin Hartvedt leiar an på veg til 8. mars markering

Mai: SV-lag og -aktivistar gjer ein stor og god jobb med mobilisering til og gjennomføring av tog og arrangement 1. mai, i hovudsak i samarbeid med fagrørsla og partia på venstresida

Juni: Mange SV-lag hadde arrangement på verdas miljødag 5. juni.

September: Panelsamtale med Kirsti Bergstø på Litteraturhuset i Bergen. Media over heile landet melder om ein ungdomsgenerasjon prega av meir kriminalitet, rus og psykiske helseplager enn før. Stemmer dette, og i Bergen? Er årsakene til auka kriminalitet mangel på integrering eller eit resultat av aukande ulikskap?

Leiar Kirsti Bergstø og Vestland SV inviterte alle interesserte til eit ope møte og panelsamtale, kor eit utval aktørar blant, og tett på, ungdom i Bergen diskuterte utfordringar og løysingar.

Ope møte med Kirsti Bergstø på Vestlandshuset og digital strømming.

Nokon av spørsmåla partileiaren drøfta med oss var; kor står vi i det grønne skiftet og kor går vegen vidare? I følge FN sin naturavtale har vi forplikta oss til å verne 30% av vår urørte natur- korleis sikrar vi at dette blir gjennomført? Korleis skal vi forhalde oss til rovdyr og rovdyrpolitikk? Og korleis sikre rettferdige straumprisar til folk flest?



Figur 10: fullt hus på møte med Kristi Bergstø i regi av Miljøpolitisk utval i Vestland

November: Stortingsrepresentant og tidlegare partileiar Audun Lysbakken har gitt ut bok om si tid i partiet. I samband med dette vart det arrangert bokbad i Bergen, med bademeister Sandra Lillebø. Bokbadet vart gjennomført på puben/utestedet Magda i

Kong Oscars gate og var eit samarbeid med Bergen SV. Bokbadet var godt besøkt og ei fin samtale om Vestland SV og Hordaland SV sin innsats for å berge partiet i 2013, om fortid og notid for partiet og rørsla vi er ein del av.



Figur 11: Bokbad med Audun Lysbakken i Bergen

Nominasjon til stortingslistene

Vestland fylke har to valkrinsar til stortingsval: Hordaland og Sogn og Fjordane. I arbeidet med nominasjon skal Vestland SV gjennomføre to nominasjonar. Arbeidet med nominasjon vert fastsett i vedtektene. Førebuingane byrja i fjor haust når lokallaga vart bedd om å kome med framlegg til kandidatar til nominasjonsnemndene. Etter at fylkesstyret fekk inn få framlegg, vart fristen utvida og det vart sendt ut ny oppmoding om å sende inn framlegg. Deretter vedtok fylkesstyret framlegg til to nominasjonsnemnder, og eit framlegg til mandat for nominasjonsnemndene og prosess. Begge deler vart vedteke på fylkesårsmøtet. Mandatet kan lesast her: <https://vestland.sv.no/wp-content/uploads/sites/53/2024/02/mandat-for-nominasjonsnemndene-og-prosess-2.pdf>

Nominasjonsprosessen i valkrins Hordaland

Nominasjonsnemnda i Hordaland vald av fylkesårsmøtet:

- Leiar: Frøydis Olaussen, Bergen
Medlem: Steinar Nørstebø, Bergen
Medlem: Kjartan Haugsnes, Vaksdal
Medlem: Hege Lægreid Røssland, Kvinnherad
Medlem: Hlin-Såga Brosvik Kyrkjeøy, Bergen (Vestland SU)

Fylkessekretær Aslak Owren har vore sekretær for nominasjonsnemnda, men har etter avtale ikkje vore med på deira møte. Nemnda kom i gang raskt med arbeidet, og følgde oppsettet for mandat og prosess. Alle fristar som var sett opp i dokumentet vart følgt slik som oppsett. Med fyrst ein førebels liste og innspelsrunde til den og deretter ei ferdig innstilling til stortingsliste. Nominasjonsnemndene gjorde eit grundig arbeid med å hente inn tips til aktuelle personar, intervjuje aktuelle kandidatar og balansere ulike omsyn.

I arbeidet med at fylkesstyret skulle vedta framlegg til dagsorden for nominasjonsmøtet og framlegg til forretningsorden deltok Frøydis Olaussen, leiar i nominasjonsnemnda, i eige møte med arbeidsutvalet, saman med dei to innstilte kandidatane til fyrsteplassen: Sara Bell og Marthe Hammer. Der vart det gått igjennom forslag til dagsorden, forretningsorden og ordstyrarar, og drøfta korleis ein skulle organisere nominasjonsmøtet.

Nominasjonsmøtet: Nominasjonsmøtet var på Vestlandshuset laurdag 2. november. På nominasjonsmøtet møtte alle lokallaga så nær som eitt. På grunn av uver eit par døgn før vart det avklart på førehand at om det var utsendingar som ikkje fekk reist inn til Bergen å delteke på møtet på grunn av rasfare og stengde vegar, så kunne dei få delta digitalt. Det gjorde deler av Ullensvang-delegasjonen og utsendingane frå Eidfjord.

Kandidatane til fyrsteplassen presenterte seg fyrst, etter det kandidatane på dei neste fire plassane. Når det var gjort presenterte leiar i nominasjonsnemnda heile framlegget til stortingsliste. Deretter var det valtar frå fleirtalet og mindretalet i nemnda, før det vart opna for ein lang sakeleg debatt i ein god tone der 44 tok ordet. Deretter var det røysting der Marthe Hammer vann med 47 røyster og Sara Bell fekk 31 røyster.



Figur 12 Topp 5 under nominasjonsmøtet

Nominasjon i Sogn og Fjordane

Nominasjonsnemnda i Sogn og Fjordane vart vald av fylkesårsmøtet:

- Leiar: Katrine Anita Heggelund, Gloppen
Medlem: Gaute Losnegård, Askvoll
Medlem: Jan Sigurd Haugen, Sogndal
Medlem: Hilde Iren Rivedal, Sunnfjord
Medlem: Andreas Liheim, Sogndal (Vestland SU)

Nemndsmedlem Hilde Brotangen Helleland vart vald på fylkesårsmøte, men måtte seinare trekke seg. Fylkesstyret supplerte nemnda med Hilde Iren Rivedal.

Nemnda følgde oppsettet for mandat og prosess vedteke på fylkesårsmøtet. Dei gjorde intervju med aktuelle kandidatar, tok imot innspel frå lokallaga og utifrå dette sette dei opp framlegg til liste. Etter ei innspelsrunde i lokallaga vart endeleg liste sendt ut til laga etter den fristen som vart sett. I Sogn og Fjordane valkrins var det semje i nemnda om den utsende lista og det kom heller ikkje inn benkeframlegg.

Nominasjonsmøtet var ei veke etter nominasjonsmøtet i Bergen. Nominasjonsmøtet var 9. november i Trivselshagen på Sandane. Sidan det ikkje var strid om lista, men tvert imot avklart semje på førehand var det ikkje fullt frammøte. Det vart sett av god tid til å

snakke ilag, presentasjon av kandidatane, debatt og deretter eit eige organisasjonsskuleringspunkt ved Vibeke Johnsen og Hege Lothe.



Figur 13 Vibeke Johnsen, Jakob André Sandal, Hege Lothe, Rana Krizan og Jøn Valur Olafsson

Førebuing til valkamp i 2025

Ved sidan av fylkeslaget har avvikla nominasjonsprosess og nominasjonsmøte i valkrins Hordaland og valkrins Sogn og Fjordane, har det også blitt gjort meir førebuingsarbeid til valkampen i 2025.

På styreseminaret for fylkesstyret i august handsama styret dreiebok for valkampen. Det er eit dokument som konkret prøver å skissere opp kva som er det organisatoriske løftet vi skal gjere i valkampen, utan at dokumentet legg seg i politisk profil, strategi eller kva kandidatar som vart valde for å representere SV. Dokumentet har seinare blitt drøfta på to påfølgande fylkesstyremøte.

I desember gjekk styret gjennom og valde valkampgruppe for Hordaland og ei for Sogn og Fjordane. Det er opning for at ein seinare i laupet av våren kan justere deltakarane i valkampgruppene.

Nytt nasjonalt arbeidsprogram og landsmøte 2025

I starten av oktober vart det sendt ut nytt arbeidsprogram for SV i den komande stortingsperioden. Fylkesstyret oppmoda lokallaga og utvala våre spesielt om å lese programframlegget og levere inn eigne framlegg. Nesten alle utvala tok utfordringa og fleire skreiv mange endringsframlegg.

Fylkesstyret gjekk gjennom kva emne som var viktig for oss frå Vestland SV å halde i. Desse emnene gjekk vi gjennom og valde å invitere til ope digitalt møte om det nasjonale arbeidsprogrammet den 19. november. Politisk nestleiar Jarle Brattespe tok på seg å leie møtet og samle opp framlegg som utvala ikkje fremja som fylkesstyret tok ansvar for.

Fylkesstyret har kome med innspel til den førebuande valnemnda, men valde å ikkje sende inn endringsframlegg til vedtektene.

Samarbeid med Vestland SU

Vi deler fylkeskontor med Vestland SU. Vi har hatt eitt møte på våren og eitt møte i haust der fylkesleiar og fylkessekretær har møtt for oss, og SU møter med fylkessekretær og gjerne ein til. Vi fortel kvarandre kva vi held på med, og drøftar felles problemstillingar. Det er viktig for oss å ha eit godt samarbeid med SU og det tykkjer vi at vi har. Deler av førre år og starten på dette året kom ikkje SU-representanten i våre møter. Det har retta seg opp, og når vi treffest slik vert informasjonsflyten også betre. Fylkesstyret er opptekne av at Vestland SV gjerne vil bidra til at Vestland SU får endå fleire lokallag. Vestland SU har ein i kvar av valkampgruppene, og blir tett på valkampen. Spesielt skulevalkampen er eit viktig bidrag til SVs valkamp.

Økonomi

Fylkeslaget har solid eigenkapital og ein god økonomisk situasjon. Vi legg opp til underskot i valår og overskot i åra mellom. Det overordna biletet er at budsjettet på fleire poster har treft godt.

Resultatet for 2024 viser at overskotet på 300 000 kroner, ein del mindre enn budsjettet. Dette skyldast litt høgare utgifter enn budsjettet innan fleire postar. Inntektene blei omtrent som forventa, med eit avvik på rett under 15 000 kroner. På utgiftssida var avviket større, 75 000 kroner. Dette skyldast i hovudsak at ein brukte meir på felleskostnader til kontor, tilsette, fylkesårsmøte og andre kostnader. Det er tatt grep, enten ved å justere budsjett eller kostnadsreducerande tiltak, for å sørge for at ein treff betre i 2025.



På trass av ein sunn økonomi er det eit par utfordringar dei neste åra. Lønsutgiftene er forventa å auke meir enn inntektene, og er den største drivaren som gjer at vi styrar mot eit kraftig underskot i fireårsperioden, om vi ikkje tar grep. Dette skyldast at SV sentralt har bestemt at dei vil ta ein mindre del av kostnadane til dei fast tilsette i Vestland SV. Det, saman med høg prisstigning er årsakene til at kostnaden med dei tilsette aukar kraftig.

Fylkesstyret vil peike på at vi er veldig glad for at fylkestingsgruppa samfinansierer både tilsette og fylkeskontorlokale saman med fylkeslaget. Det styrkar økonomien til Vestland SV.

Det er fylkessekretær Aslak Owren som fører rekneskapen. Han har hatt eit godt samarbeid med økonomiansvarleg Asle Olsen om det daglege økonomiarbeidet, og den økonomiske styringa er god.

Vedlegg 1: Medlemstal i Vestland SV- 2022-2024

Medlemstal 2023 og 2024 med endring, fordelt på lokallaga. Austevoll, Austrheim og Stryn SV er teke ut av tabell samanlikna med tidlegare år. Medlemmene i desse kommunane er i kategorien «Medlem utan lokallag».

Lokallag	Medlemstal 31.12.22	Medlemstal 31.12.23	Medlemstal 31.12.24
Alver SV	36	38	41
Askvoll SV	15	15	
Askøy SV	63	67	69
Bergen SV	1136	1 084	1094
Bjørnafjorden SV	51	47	50
Bremanger SV	8	8	8
Bømlo SV	23	22	22
Eidfjord SV	8	10	11
Fjaler SV	23	25	25
Gloppen SV	33	34	33
Høyanger SV	14	13	16
Kinn SV	41	42	43
Kvam SV	22	25	25
Kvinnherad SV	26	26	32
Luster SV	5	9	12
Lærdal SV	21	23	23
Osterøy SV	19	19	19
Sogndal SV	89	100	107



Solund SV	4	6	6
Stad SV	45	47	44
Stord SV	63	65	71
Sunnfjord SV	77	78	81
Sveio SV	24	24	23
Tysnes SV	17	18	17
Ullensvang SV	28	34	32
Ulvik SV	11	12	12
Vaksdal SV	30	28	28
Vik SV	11	12	15
Voss SV	65	71	62
Øygarden SV	56	58	57
Medlem utan lokallag	23	21	44
Totalt	2110	2 101	2139

Vedlegg 2: Inn og utmeldingar i 2024

Med utmeldingar meinast også medlemmer som har mista medlemsskapet grunna manglande medlemskontingent.

Lokallag	innmeldingar	utmeldingar
Alver SV	7	5
Askvoll SV	2	0
Askøy SV	7	4
Bergen SV	103	91
Bjørnafjorden SV	5	3
Bremanger SV	1	1
Bømlo SV	1	1
Eidfjord SV	1	0
Fjaler SV	1	0
Gloppen SV	2	3
Høyanger SV	1	0
Kinn SV	2	2
Kvam SV	1	1
Kvinnherad SV	11	5
Luster SV	4	1
Osterøy SV	1	2
Sogndal SV	10	3
Stad SV	0	3
Stord SV	7	0
Sunnfjord SV	7	5
Sveio SV	0	1
Tysnes SV	0	1



Ullensvang SV	0	2
Vaksdal SV	1	1
Vestland SV	6	3
Vik SV	3	2
Voss SV	5	15
Øygarden SV	4	5
totalt	193	160

Årsmelding 2024

Fylkestingsgruppa Vestland SV



Bilete 1: Fylkestingsgruppa til Vestland SV. Frå venstre: Marianne Sæhle, Hege Lothe, Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen og Alexander Papas (Foto: Sigrid Sandal)

2024 var fyrste heile året for fylkestingsgruppa til Vestland SV som tel 5 personer, Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen, Marianne Sæhle, Alexander Papas og Hege Lothe.

Den styrande koalisjonen som SV er ein del av held framleis saman. Dette er Ap, Sp, MDG, V, KrF og SV. Samarbeidsplattforma som ein styrer på kan lesast her¹. SV sin representasjon i folkevalde organ, og i styrer, råd og utval er vist i Tabell 1 og **Tabell 2**.



Bilete 2: Samarbeidspartia sin pressekonferanse om fylkesbudsjettet for 2025 i november 2024.



Bilete 3: Marianne Sæhle og Åsmund Berthelsen i høvesvis framgrunn og bakgrunn, under fylkestinget i Førde i oktober 2024.

Politisk arbeid

I denne delen ønskjer fylkestingsgruppa å gjere greie for det politiske arbeidet som har gått føre seg i fylkesutvalet og dei fire hovudutvala, og ikkje minst i fylkestinget.

Hovudutval for opplæring og kompetanse

I utvalet er det eit tett samarbeid mellom samarbeidspartia, og føre kvart møte i hovudutvalet møtest partia og har i nesten alle saker drøfta seg fram til semje. SV har fått godt gjennomslag for sine syn i saker og har hatt ansvar for å fremje koalisjonen sitt syn og forslag i fleire. Som leiar er Åsmund ansvarleg for å planlegge møta og arbeidet i utvalet der også Marianne representerer SV. Før utvalsmøta har ein hatt ambisjon om å møte SV fraksjonen i utvalet, men dette har ikkje blitt gjennomført så godt som ein skulle ønska, av fleire grunnar. Viktige saker i opplæring har vore drøfta i fylkestingsgruppa.

Som leiar i utvalet har Åsmund vitja snart alle dei 43 skulane dette eller førre året, åleine eller saman med heile eller delar av utvalet. Ved skulebesøk får han sjå seg om på skulane, verte orientert om korleis det går - og får ein prat over bordet om utfordringane. Planen er å vitje dei resterande fire-fem skulane fyrste halvår i 2025.

Heilskapleg plan for tilbodsstruktur i vidaregåande skule 2025 - 2035

Tilbodsstrukturen har vore den store saka for opplæringsutvalet i 2024. I januar vedtok fylkesutvalet etter framlegg frå opplæringsutvalet; Mandat og prinsipp for framtidig tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring. Her vart det mellom anna vedteke at fylkeskommunen skulle vidareføre den desentraliserte skulestrukturen og at elevane skulle ha

tilgang på eit variert opplærings- og linjetilbod i sine nærområde. Eit høyringsframlegg frå administrasjonen vart sendt på høyring i starten på april med frist for innspel i starten på mai. Det vart halde høyringsmøte i alle dei åtte inntaksregionane, og det kom inn over 700 høyringssvar. Framlegget frå administrasjonen vekte reaksjonar i fleire delar av fylket fordi fylkesdirektøren ville legge ned eit par skular og ta vekk viktige tilbod som ville svekke skulane over tid. Derfor var det viktig med ein grundig høyringsprosess, høyringsmøte og der leiar og medlemmer i utvalet hadde hatt møte med næringsliv og arbeidsliv i fleire delar av fylket.

Utvalet handsama saka i fleire møte, og det vart gjennomført forhandlingar der gruppeleiarar også var med. Siktemålet var eit vedtak som hadde brei støtte. Framstegspartiet var ikkje med i forhandlingane som braut saman då Høgre ikkje ville ha med ei endring av finansieringsmodellen, frå klassefinansiering til stykkprisfinansiering.

Det endelege vedtaket i fylkestinget 1.oktober samla støtte frå alle partia med unnatak av Høgre og Framstegspartiet. Ingen av skulane vart lagt ned, men Høyanger vart gjort om til ei avdeling av Førde vgs. Men det vart gjort endringar i tilboda ved ein del skular. Administrasjonen sine forslag om nedlegging av Fitjar vgs og viktige tilbod ved fleire skular vart avvist. Mellom anna ei sentralisering av kulturlinjer (musikk, dans og drama og kunst, design og arkitektur) til Bergen. Vidare vart forslag om å kutte vg 2 og vg3 studiespesialisering ved ein del skular også avvist. Det same vart forslag om å samle TAF-YSK –tilboda til berre ein skule.

Det som skilde det endelege resultatet frå administrasjonen sitt framlegg var ikkje summen på innsparingar, men investeringsplanen. Fleirtalet i fylkestinget ville bruke lengre tid på naudsynete investeringar og i ei anna rekkefølge Fleirtalet ville ha utbygging av yrkesfagtilbodet i Bergen, men ikkje ein stor, nye yrkesskule midt i sentrum. Utvalet skal utover i 2025 jobbe vidare med investeringsplanen for også å sikre at fagskulen i Bergen vert samla på ein plass.

Både prosess og resultat i saka vart godt motteke i heile fylket. Og det var i sterk kontrast til i Innlandet der det vart eit kraftig opprør på grunn av nedleggingar av skular.

Korleis det går framover med å halde oppe skular og viktige tilbod er det både økonomi og kva elevane vil velje som avgjer.

Tilbod, inntak og justering

Tilbodet for komande skuleår 2025/26 vart med eit par unnatak samrøystes vedteke i hovudutvalet i november 2024.

Neste stopp vert i samband med justeringa av tilbodet i april 2025. Dei to siste åra har ein treft bra med tilbodet i høve det ungdommane har søkt på.

Det har også vore brei semje om justeringa av tilbodet. Utlysinga av tilbod går noko utover den økonomiske ramma, medan justeringa må ligge innafor. Utvalet har fullmakt til å lyse ut tilbod og justere. Men går ein utover den økonomiske ramma i justeringa må saka handsamast i fylkesutvalet.

Også i samband med sjølv inntaket vert det gjort justeringar. For inneverande skuleår er det oppretta fire nye klassar. Alle søkjarar med ungdomsrett fekk tilbod i tråd med søknaden og til eit tilbod som ein hadde rett til.

I alt var det 22000 som søkte om plass i den vidaregåande skulen.

I samband med saka om tilbodsstruktur vart det særleg frå Høgre mykje fokus på tal ledige plassar, altså at klassane ikkje har 30 elevar på studieførebuande og 15 på yrkesfag. For å kunne tilby eit av dei tre programråda elevane søkjer på må fylkeskommunen ha ein overkapasitet. Fylkeskommunen må også ha ein viss overkapasitet for å møte eventuell nedlegging av private tilbod. Private skular har ikkje plikt til å ha eit tilbod. På dei mindre skulane er det umogleg å få 100 prosent oppfylling og fylkeskommunen godtek ei lågare oppfylling enn dei 85% som er sett som mål. Høgre gjorde framlegg om å redusere kapasiteten med 5 % eller 600 elevplassar. Det ville gjort at ein ikkje ville greie å tilby eit av dei tre programråda som elevane søkjer.

Hovudutvalet har med eit par unntak samrøystes vedteke tilbodet som vert lyst ut for skuleåret 2025/26. Nokre tilbod er med bakgrunn i tidlegare søkjartal vedteke å ta ut. Men dei er ikkje nedlagt for alltid – og kan takast opp att om det er interesse for det. kjem att.

Fullføringsreform og ny opplæringslov

Fullføringsreforma er i gang og ny opplæringslov er også sett i verk frå 1.8.25. Både reforma og ny lov stemmer godt med måla og tiltaka i templanen “Fornye og forbetre – auka gjennomføring” i Vestland. Handlingsprogrammet som er knytt til temaplanen vert rullert kvart år. Hovusatsingane inneverande år har vore å fornye og forbetre overgangane frå ungdomsskule til vidaregåande og å Vestland har vedteke å kople arbeider med reforma til handlingsprogrammet for temaplanen, Fornye og Forbetre – auka gjennomføring. Det er godt samsvar mellom reforma og mål og tiltak i temaplanen. Handlingsprogrammet knytt til temaplanen vert rullert kvart år i mars månad. For 2024 vart det prioritert å fornye og forbetre tilpassa opplæring og å fornye og forbetre overgangar i opplæringa. Når handlingsprogrammet skal reviderast i mars 25 vil inkluderingsprosjektet som det er løyvd midlar til i budsjettet stå sentralt. Kva kan opplæringssektoren gjere for å få fleire til å fullføre utdanning, kome i aktivitet og i arbeid. tildelt midlar ti Etter framlegg frå opplæringsutvalet er det vedteke å halde oppe produksjonsskulane i Bergen (Hyssingen) og Ulvik. Dette er viktig tiltak for å få ungdom inn att på sporet.

Ein teoretisk/akademisk skulekvardag frå 1.klasse

Kvalitetsmeldinga for skule er no lagt om til å vere rapportering gjennom året. Sektoren får meir jamleg greie på korleis det utviklar seg med å få resultat og analyse for ein del viktige parameter. Diverre peikar nokre pilar litt nedover både fullføring, fråvær og mobbing,. Dette er tendensar som gjeld heile landet og ein trur at pandemien og nedstenging kan vere ein av årsakene. Psykiske vanskar hjå elevane har ikkje auka det siste året i følgje UngData-undersøkinga. Men særleg UngData-undersøkingane har vist ein tendens til minkande trivsel og aukande psykiske vanskar sidan 2013. Vanskane kan forklarast med press og tilhøyrande stress. Og ein meir teoretisk/akademisk skulekvardag både i grunnskule og vidaregåande. Forskarar har påvist at tal timar i grunnskulen i dei praktisk-estetiske faga er halvert på eit par ti år - og elevane går mykje meir på skule. “Ein tiåring i dag har hatt to år mer undervisning enn det foreldrene hadde da de var ti år” (Djupedal, 2024) Den svært akademiske grunnskulen påverkar sjølv sagt elevane når dei over i vidaregåande og kan forklare også noko av det som skjer i vidaregåande med mistrivsel og stort fråvær. For vidaregåande er det med variert undervisning og fleire læringsarenaer svært viktig. Ei sak som ville ha auka stresset og presset var forslaget om å ta vekk oppflyttingsretten frå vg1 til vg2 på studieførebuande. Administrasjonen og Høgre foreslo det. Heldigvis vart det nedrøysta. Også fleirtalet ville gjere endringar slik at ein unngjekk dei svært små klassane.

Andre saker

Mobilbruk: Utvalet har drøfta mobilbruk i skulen der ein vil følge nasjonale retningslinjer og utvikle reglar i eit samarbeid mellom leiing, tilsette – og elevane.

Fråver: Utvalet har også hatt fråversgrensa på dagsorden. Fleirtalet i utvalet er skeptiske til for låg grense og legg meiner det viktigaste er å finne årsaker til høgt fråver og støtte dei som slit mest med å gå på skulen, dei som vil og ikkje greier.

Nasjonalt senter for yrkesfag: Utvalet har jobba for å få dette til Vestland, men regjeringa landa til slutt på at det vert lagt til Molde i Møre og Romsdal.

Saker som kjem 2025

Det alt nemnde **inkluderingsprosjektet** vert ei viktig sak komande år. Utvalet startar med temasemiar om det på møte i februar. Vi ynskjer å sette fokus på det gode arbeidet for å auke gjennomføringa kring på skulane – og få meir kunnskap om bakgrunnen for at så mange ikkje gjennomfører og fell utanfor. Vi vil sette søkeljos på dei gode døme og spørje om kvifor nokon lukkast – og andre ikkje.

Finansieringsmodellen vert ei anna viktig sak. Det er lagt opp til å gjere endringar. Og ein kombimodell mellom å tildele midlar til tal klasser og noko til tal elevplassar. Ressursfordelingsmodellen mellom skulane kjem også på dagsorden.

Hovudutval for samferdsle og mobilitet

Bybanen

Fleirtallet i Bergen bystyre har sidan kommunevalet gjort det dei kan for å trenere og havarere bybanens vidare framdrift til Åsane, gjennom å skulle ha en ny bybaneutredning. Denne usikkerheita gjorde at det ikkje kom midlar til bybanen frå regjeringa i Nasjonal Transportplan. Når det heller ikkje vart noko fleirtal for Nasjonal Transportplan som sådan, lå vidare framdrift for bybanen i Bergen i det blå. Det største jordskjelvet som skjedde var likevel at fylkesdirektøren med fylkesordførarens velsigna hand samen med byrådsleiaren i Bergen gjennom sommaren hadde utarbeida ein alternativ trase for bybanen forbi Bryggen i Bergen. Dette var ikkje avklart med koalisjonen, ikkje i tråd med plattformen og var en svært svært krevjande sak for samarbeidet.

Gjennom hausten var det diskusjon med bystyregruppa, medlemsmøte i Bergen SV og fleire rundar i koalisjonen. Gjennom hausten endte samtlege parti i både bystyret og fylkesting på å stemme for å gjennomføre denne nye utredninga, men med ulike formuleringar knytt til premisser.

For SV var det viktig at bybanepartia sto samla, og i fylkestinget endte koalisjonen å stemme for denne nye utredninga med dei forbehold at gjeldande reguleringsplan ikkje opphevast, etter svært intense og krevjande forhandlingar. I SV har vi ikkje tru på denne nye traseen, og det er framleis mange skjær i skjøen før ein slik trase kan vere realistisk. SV har likevel gjennom heile bybanehandsaminga hatt som prinsipp at det viktigste er at bybanen vert bygd og kjem vidare. Slik også i denne saka, sjølv om det framleis er vår oppfatning at dette er ein

utsetting av bybanen til Åsane, og at det føyer seg inn i byrådet i Bergen sin havarering av bybanen til Åsane.

Kollektivtrafikken i Bergen fortset å auke og er nå tilbake på nivå over nivåa før koronaperioden. Det er framleis trafikkkaos i Bergensregionen, og derfor er det naudsynt med meir kollektivtrafikk, men også trafikkreduserande tiltak i byområdet.

Nullutslepp ferjeambod og Snøggbåtanbod

Diverre har regjeringa trenert gjennomføringa av det kanskje viktigaste tiltaket for å kutte klimagassutslepp i Vestland, nemleg å få lyst ut nullutslepp på snøggbåtsambandet Bergen-Nordfjord og Sogn. I høst kom regjeringa til og med med den slående beskjeden at dei utsetter nullgassleppskravet frå 1.1.25, som lå til grunn som eit premiss for saka.

Derimot så vert det lyst ut nullutsleppambod på nye ferjeambod i gamle Sogn og Fjordane, og det er svært gledeleg at dette ser ut til å gå gjennom einstemmig. Det vil også kutte ein heil del klimagassutslepp.

Nye bussambod
– Eg er skua over tilrådinga frå fylkesdirektøren	📄 Firda Tidend	10/12/2024
- Opnar ikkje den saka	📄 Firda	10/12/2024
Kan auke eigedomsskatten med 17 millionar	📄 Firda	10/12/2024
Rasar mot kommunen: - Løftebrot	📄 Firda	10/12/2024
Budsjettenigheten er en fattig trøst for velferden i landets kommuner	📄 Bergensavisen	10/12/2024
Frp kan få sikker plass på Stortinget frå Sogn og Fjordane	📄 Fjordabladet	10/12/2024
Sogn og Fjordane - 11.12.2024	📺 NRK P1 Sogn og Fjordane	11/12/2024
Andre kommunar kan måtta svi for flyktningstopp	🌐 NRK Vestland Kortmelding	11/12/2024
- Stopp ombygginga av Hafstad vidaregåande	🌐 Firda	11/12/2024
Flykning-nei kan gå ut over andre kommunar	🌐 Stord24	11/12/2024
Går i strupen på Heggheim	🌐 Firda Pluss	11/12/2024
Fylkesutvalet hadde fusjonssaka på bordet	📄 Firda Tidend	13/12/2024
Eit julegåveynskje og nyttårsynskje frå oss som bur i søre Sund i Øygarden	📄 Vestnytt	13/12/2024
Fylkeskommunen vil ikkje bli med i Norske Kjernekraftkommunar.	🌐 NRK Vestland Kortmelding	13/12/2024
Eit jule- og nyttårsynskje frå oss som bur i søre Sund	🌐 VestNytt	13/12/2024
– Viktig for å utvikle SFE vidare	📄 Firda Tidend	17/12/2024
– Glad vi fekk eit vedtak nesten heile fylkestinget stiller seg bak	📄 Firda Tidend	17/12/2024
Fylkestinget sa nei til vidare fusjonsutgreiingar	📄 Firda Tidend	17/12/2024
Går i strupen på Heggheim	📄 Firda	17/12/2024
- Stopp ombygginga av Hafstad vidaregåande	📄 Firda	17/12/2024
- Vi må gje oss tid til å utgreie	🌐 Firda Tidend	17/12/2024
For noen fine ungdommer!	🌐 Bergensavisen	17/12/2024
Er du ein dei 8907 i Bjørnafjorden som får meir i lommeboka?	🌐 Midtsiden	18/12/2024
- Eviny burde skjermast	📄 Firda	19/12/2024
Politikarane var usamde i kunstspørsmålet	📄 Firda Tidend	20/12/2024
Fleirtalet vil framleis støtte Nordordbrua	📄 Firda Tidend	20/12/2024
Fleirtalet gjekk inn for samanslåing	📄 Firda Tidend	20/12/2024
Ny mulighet til våren, Frp!	🌐 VestNytt	21/12/2024
Hver tredje askøyværing får mer å rutte med	🌐 Askøy24	26/12/2024
Stord sa nei til 50 - Kvinnherad kan ta ti til	🌐 Kvinnheringen Pluss	28/12/2024
Ny mulighet til våren, Frp!	📄 Vestnytt	31/12/2024

Resultatrapport 2024

Budsjettposter	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023
<u>INNEKTER</u>	<u>INNEKTER</u>	<u>INNEKTER</u>	<u>INNEKTER</u>
Offentleg støtte	805 033,12	805 033,12	621 418,88
Medlemskontingent	230 000,00	215 235,00	223 900,00
Private bidrag (til fordeling)	45 000,00	38 788,63	42 350,50
Partiskatt	250 000,00	229 362,41	169 004,80
Renteinntekter	10 000,00	5 850,78	19 818,00
Eigenandeler fylkesårsmøte	100 000,00	100 000,00	101 250,00
Eigenandeler nominasjonsmøte	50 000,00	75 400,00	0,00
Fylkestingsgruppa: Administrasjon	225 000,00	225 000,00	175 000,00
Fylkestingsgruppa: Personal	550 000,00	550 000,00	550 000,00
Lønnskostnader Bergen SV	165 000,00	163 324,92	150 000,00
Valkampstøtte	0,00	0,00	25 000,00
Andre inntekter	0,00	36 124,89	0,00
Sum inntekter	2 430 033,12	2 444 119,75	2 077 742,18
<u>UTGIFTER</u>	<u>UTGIFTER</u>	<u>UTGIFTER</u>	<u>UTGIFTER</u>
Kontor: Husleige	144 000,00	144 720,00	130 717,80
Kontor: Felleskostnader	80 000,00	99 808,67	97 306,94
Kontor: Tenester og lisensar	40 000,00	27 731,76	54 806,27
Konto: Drift og rekvisita	5 000,00	2 563,38	36 429,48
Tilsette: Personalkostnader	1 305 000,00	1 324 609,68	1 042 984,00
Tilsette: Andre kostnader	0,00	16 748,00	23 220,69
Bankgebyrer	1 000,00	3 568,03	1 719,50
Møter og reiser	25 000,00	11 657,88	12 514,16
Fylkesstyret	18 000,00	14 125,20	6 494,56
Fylkesårsmøte	220 000,00	234 923,95	273 338,93
Politiske utval	20 000,00	25 084,00	0,00
Gåver	3 000,00	6 351,00	3 975,10
Nominasjonsmøte, Hordaland	55 000,00	65 038,10	0,00
Nominasjonsnemnd, Hordaland	0,00	6 833,35	0,00
Nominasjonsmøte, Sogn og Fjordane	55 000,00	22 512,50	0,00
Nominasjonsnemnd, Sogn og Fjordane	0,00	1 822,76	0,00
Landsstyret	16 000,00	25 000,00	16 000,00
Landsmøte	0,00	0,00	202 690,80
Løyvingar	5 000,00	3 500,00	5 000,00
Bidrag til Vestland SU	75 000,00	75 000,00	85 000,00
Valkamp	0,00	0,00	512 620,93
Annonsering	0,00	5 791,99	79 559,00
Annen kostnad	0,00	26 460,95	3 245,89
Sum utgifter	2 067 000,00	2 143 851,20	2 587 624,05
Resultat	<u>363 033,12</u>	<u>300 268,55</u>	<u>-509 881,87</u>

Resultatrapport 2024

Budsjettposter	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023
<u>INNEKTER</u>	<u>INNEKTER</u>	<u>INNEKTER</u>	<u>INNEKTER</u>
Gruppestøtte	1 091 882,00	1 091 882,00	938 727,00
Renteinntekter	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	0,00	16 925,43	0,00
Sum inntekter	1 091 882,00	1 108 807,43	938 727,00
<u>UTGIFTER</u>	<u>UTGIFTER</u>	<u>UTGIFTER</u>	<u>UTGIFTER</u>
Administrasjonskostnader	225 000,00	225 000,00	175 000,00
Personalkostnader	550 000,00	550 000,00	550 000,00
Medieutgifter	0,00	16 264,50	0,00
Bankgebyr	0,00	0,00	0,00
Frikjøp	62 000,00	10 970,59	267 235,56
Møter og reiser	50 000,00	63 414,19	121 852,70
Samlinger og konferansar	0,00	58 065,00	9 021,00
Gåver	0,00	1 600,00	1 409,00
Andre kostnader	0,00	0,00	3 380,00
Sum utgifter	887 000,00	925 314,28	1 127 898,26
Resultat	<u>204 882,00</u>	<u>183 493,15</u>	<u>-189 171,26</u>

Sak 5: Arbeidsplan

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Framlegget til revidert arbeidsplan er utarbeida av eit utval nedsett av fylkesstyret hausten 2024.

Utvalet har bestått av:

- Jarle Brattespe
- Silje Nordtveit Olsen
- Kai Øystein Søvde
- Kristin Hartvedt

Vestland SU har hatt framlegget til gjennomlesing.

Endringar i 2025

Dei viktigaste endringane i planen er tidfesting av når tiltaka skal gjennomførast og kven som har ansvar for gjennomføringa. Strukturen i planen er endra for å samle delmåla tematisk. Nokre tiltak er flytta til mål og motsett og nokre tiltak er kutta. Kapittelet om utvala slanka ved at dei delane i som omhandla drift av utvala og forventingar til kvart utval er tatt ut av planen. Det er tatt inn eit nytt tiltak at fylkesstyret skal vedta mandat for og forventingar til kvart utval, mykje av det som er kutta vil verte tatt inn att i mandata for og forventingane til utvala.

Mål som er kutta:

- Løpande politikktutvikling (handla om å synleggjere vedtak på nettsidene)
- Deltaking på merkedagar (flytta til tiltak under utvala).

Nye mål:

- 4.1.1 Meir aktive medlemmar. Det følgjer eitt nytt tiltak med målet, at alle medlemmar skal ringjast før sommaren. Dei resterande tiltaka er flytta frå andre mål.
- 4.3.2 Styrkje lokallag med få aktive medlem. Tiltak kjem ved neste revidering av planen.
- 4.3.5 Arbeidsplanen skal vera eit arbeidsdokument for fylkesstyret som sikrar at dei gjennomfører det årsmøtet ynskjer.

Arbeidsplan for Vestland Sosialistisk Venstreparti 2024-2027



For dei mange
- ikkje for dei få

1		
2		
3		
4		
5		
6		
7		
8		
9	1. Innleiing.....	2
10	2. Politisk situasjon	2
11	3. Organisatorisk situasjon	3
12	4. Kor ynskjer Vestland SV å vera i 2027.....	4
13	4.1. Mål: Fleire og meir aktive medlemmar	4
14	4.1.1. Delmål: Meir aktive medlemmar	4
15	4.1.2. Delmål: Passere 2250 medlemmar innan utgangen av 2025	5
16	4.1.3. Delmål: Fleire lokallag skal få høve til å senda to delegatar til årsmøtet.....	5
17	4.1.4. Delmål: Meir mangfaldig representasjon i fylkeslaget.....	6
18	4.2. Mål: Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar.....	6
19	4.2.1. Delmål: Godt skulerte tillitsvalde som er trygge i rolla si	7
20	4.2.2. Delmål: Godt skulerte folkevalde som deler erfaringar seg imellom	7
21	4.2.3. Delmål: Godt skulerte kandidatar til fylkestings- og lokalvalet.....	7
22	4.3. Mål: Eit solid og veldrive fylkeslag.....	8
23	4.3.1. Delmål: Styrkje økonomien i fylkeslaget.....	8
24	4.3.2. Delmål: Styrkje lokallag med få aktive medlem.....	8
25	4.3.3. Delmål: Godt samarbeid mellom fylket og lokallaga og lokallag imellom	9
26	4.3.4. Delmål: Nytte digitale verktøy til å jobbe smartare	9
27	4.3.5. Delmål: Arbeidsplanen skal vera eit arbeidsdokument for fylkesstyret.....	10
28	4.4. Mål: Aktive utval som bidreg til politikktutvikling og medlemsaktivitet.....	10
29	4.6. Mål: Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom.....	11
30	4.6.1. Delmål: Eit godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom.....	11
31	4.6.2. Delmål: Støtte Sosialistisk ungdom til å vinne skulevalet.....	12
32		

33 **1. Innleiing**

34 Arbeids- og organisasjonsplanen er Vestland SV sin overordna strategi for det
35 organisatoriske arbeidet i perioden 2024-2027. Planen skal setje langsiktige og mål for
36 perioden og peike på dei viktigaste prioriteringane for det komande året.
37

38 Ein solid organisasjon og aktive medlemmar er ein føresetnad for gode valresultat og
39 politiske gjennomslag, det vert ingen sosialisme utan organisering. For å organisere oss
40 best mogleg er det viktig at me har det same utgangspunktet og dei same målsetjingane.
41 Arbeidsplanen saman med budsjettet er årsmøtet sine viktigaste reiskap for å sikre at
42 fylkestyret gjennomfører det medlemsdemokratiet ynskjer.
43

44 **1.1. Prinsippa for handsaming av planen**

- 45 – Arbeidsplanen vert vedteken av fylkesårsmøtet etter framlegg frå fylkestyret. Planen
46 skal reviderast annakvart år i mellomvalår. Det fyrste årsmøtet etter eit lokal- og
47 fylkestingsval vedtek ein ny plan for fire år.
- 48 – Planen gjeld for heile fylkeslaget og skal følgjast opp av fylkestyret,
49 fylkestingsgruppa, lokallaga og dei tilsette i fylkeslaget.
- 50 – Det er fylkestyret som har det overordna ansvaret for å følgje opp og prioritere
51 mellom måla i planen.
- 52 – Planen må sjåast i samanheng med Vestland SV sitt budsjett.
- 53 – Fylkestyret rapporterer årleg til årsmøtet om status for måla i planen.
54
55
56

57 **2. Politisk situasjon**

58 I lokalvalet i 2023 gjorde SV eit historisk val. Samstundes som alle venstresideparti gjekk
59 tilbake så hald SV stand og gjorde sitt beste lokalval på 20 år. I Vestland gjekk me også
60 klart fram og er med å oppretthalde det raudgrøne fleirtalet på fylket, i motsetnad til
61 situasjonen i mange andre fylker.
62

63 Fleire folkevalde vart me og, og no har me heile 69 folkevalde i 30 kommunar og 5
64 folkevalde på fylkestinget. Dessutan har me ein varaordførar og tre heiltidsfolkevalde.
65 Det betyr at fleire og fleire ser resultatane av å ha SV-arar i kommunestyra, på fylkestinget
66 og på Stortinget.
67

68 Likevel har framgangen ein bismak. Høgre og Framstegspartiet vart klare valvinnarar
69 over heile landet, særleg i Vestland. I fleire kommunar vart fleirtala deira styrka og i
70 mange kommunar vart det raudgrøne fleirtal velta. Det betydde at mange av dei innvalde
71 representantane våre hamna i opposisjon, som kan vere både lite motiverande for alle dei
72 nye innvalde og utgjere ei fare for fråfall til neste lokalval.
73

74 Framover bør difor mykje av fokuset til fylkeslaget og lokallaga vere å følgje dei nye
75 folkevalde opp, og skulere og samle dei folkevalde slik at ein får utveksla erfaring, idear
76 og skape eit fellesskap som gjer det gjevande å vere opposisjonspolitkar og politikarar
77 for SV.
78

79 **3. Organisatorisk situasjon**

80 SV er eit grasrotparti, som betyr at me er eit parti av og for medlemmane våre. For å få
81 gjennomslag treng me medlemmar, og medlemmane må vere aktive. Då må SV vere ein
82 lærerik, gjevande og ikkje minst kjekk organisasjon å engasjere seg i. Både for nye og
83 gamle medlem.

84
85 Ein ser ein fallande tendens i tal medlemmar i frivillig organisering, både i andre parti, i
86 studentorganiseringa og i ungdomsorganiseringa. Ei mogleg forklaring er dagens sosiale
87 og politiske klima, samt nyliberalistisk tankegang om kvar mann for seg sjølv. Difor må
88 SV vere ei sterk kraft for fellesskap.

89
90 Verving og aktivisering av medlemmar må difor vera ei prioritering i perioden. Då må me
91 ha ei ope og utettervendt organisering, som inviterer medlemmar, og ikkje-medlemmar,
92 til å vere med på aktivitetar. Samstundes må ein passe på at dei som engasjerer seg ikkje
93 brenn seg ut. For å forhindra dette, må ein sjå på korleis ein fordelar oppgåver, kutte i
94 oppgåver som ikkje direkte skapar medlemsaktivitet og ha meir aktivitet som er
95 gjevande.

96
97

98 **3.1. Mange små og eit kjempestort lokallag**

99 Vestland SV har 30 lokallag med stor variasjon i medlemstal. Halvparten av lokallaga er
100 små lag med mindre enn 30 medlemmar og i motsett ende av skalaen har Bergen rett
101 over halvparten av medlemmane i fylket. Ved utgangen av 2024 hadde 16 av lokallaga
102 mindre enn 30 medlemmar, 8 lag hadde mellom 30 og 59 medlemmar, 4 lag hadde
103 mellom 60 og 89 medlemmar, Sogndal hadde 107 medlemmar og Bergen hadde 1084
104 medlemmar.

105
106 I dei små lokallaga ser ein ofte at det er nokre få engasjerte nøkkelpersonar som held
107 oppe aktiviteten. Ein del lokallagsstyre har få aktive medlem og dei same personane har
108 gjerne fleire verv i organisasjonen anten det er i kommunestyret, utval eller
109 lokallagsstyret. Om for mykje ansvar ligg på ein person og ein opplev at ein ikkje strekk
110 til slik ein skulle ynskje, kan det kan føre til at folk ikkje klarar å stå i rollene over tid eller
111 at nye kvir seg for å ta på seg verv. I verste fall kan dette føre til at lag ikkje klarar å stille
112 lister eller vert lagt ned. Det er difor viktig at Vestland SV prioriterer ressursar til å støtte
113 mindre lokale lag.

114 4. Kor ynskjer Vestland SV å vera i 2027

115 I 2027 har Vestland SV fleire og meir aktive medlemmar som veit at dei er viktige for
116 valkamp og politikktutvikling. Me har betre skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar
117 som er trygge i rollene sine. Me har aktive utval og ein veldrive organisasjon med godt
118 samarbeid mellom dei ulike ledda.

119
120 Me har brote ned visjonen til følgjande mål:

- 121 1. Fleire og meir aktive medlemmar
- 122 2. Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar
- 123 3. Eit solid og veldrive fylkeslag
- 124 4. Aktive utval som bidreg til politikktutvikling og medlemsaktivitet
- 125 5. Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom

126
127

128 4.1. Mål: Fleire og meir aktive medlemmar

129 Medlemmane er berebjelken til ein kvar organisasjon. Vestland SV skal vere eit parti for og
130 av folket, og difor er viktig oss med eit talrikt mangfald av menneske med ulike
131 bakgrunnar og perspektiv og syn. Kontinuerleg arbeide for at Vestland SV alltid er ein
132 stad der mangfaldige grupperingar av medlemmar eit trygt rom der deira meiningar vert
133 høyrde og lytta til. For å oppnå dette lyt arbeide systematisk for å vere tiltrekkande for
134 nye medlemmar og motivere alle til innsats.

135
136

137 4.1.1. Delmål: Meir aktive medlemmar

138 Aktive medlemmar bidreg til idear og meiningsbryting og er avgjerande for å utvikle
139 politikken vår, rekruttere nye medlem og for å vinne val. Eit meir fragmentert
140 mediebilete gjer at dei politiske samtalaner medlemmane fører rundt lunsjbordet, i
141 familien og nettverka sine vert ein stadig viktigare del av valkampen. Om kvart medlem i
142 Vestland SV overtydde ein ny person om å stemme på oss kvart halvår ville me gått fram
143 omlag 1,4% i året. Medlemmane må difor få vite kor viktige dei er for valkampen vår og
144 må oppmodast og støttast til å halde SV-fana høgt.

145
146

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Alle medlemmar i fylkeslaget skal ringjast før valkampen og få informasjon om korleis dei kan bidra anten aktivt eller ved å flagge standpunkt.	Før sommaren 2025 Før sommaren 2027	Lokallaga (gjennomføre ringing) og fylkesstyret.
2	Alle nye medlemmar skal verte kontakta for å ynskjast velkomen og inviterast på ein aktivitet.	Kontinuerleg	Lokallaga (gjennomføre ringing) og fylkesstyret

147

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar	
3	Alle nye medlemmar skal i løpet av det fyrste halve året bli inviterte med på medlemsaktivitet, som til dømes «Velkomen til SV»-møte. Dersom medlemmen kjem frå ein kommune utan SV-lag kan dei koplast på eit nærliggande lokallag.	Kontinuerleg	Lokallaga og fylkesstyret (for medlem utan lokallag)
4	Lokallaga skal invitere medlemmar frå kringliggjande lag på medlemsaktivitetar	Kontinuerleg	Lokallaga

148
149
150

151 **4.1.2. Delmål: Passere 2250 medlemmar innan utgangen av 2025**

152 Frå 2020 til 2024 har me hatt medlemsvekst, som me gjennom målretta arbeid vil
153 vedlikehalde og styrkje ved å rekruttere og engasjere nye og eksisterande medlemmar.
154 Vestland SV har som mål å passere 2250 medlemmar innan utgangen av 2025. Per
155 31.12.24 var det 2139 medlemmar i Vestland SV.

156
157

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar	
1	Vestland SV skal følgje opp nasjonale vervekampanjar	Når det kjem frå sentralt	Fylkesstyret, fylkessekretæren
2	Vestland SV skal lage eigne lokale tiltak for å verve medlem i heile Vestland.	Etter valet og i 2026	Fylkesstyret
3	Vestland SV skal vere til stades på viktige arrangement til organisasjonar og rørsler me har samanfallande interesser med. Utvala skal lage oversikt over prioriterte alliansar på sitt felt, og forslag til korleis fylkeslaget kan arbeide saman med desse.	Etter valet og i 2026	Utvala

158
159
160

161 **4.1.3. Delmål: Fleire lokallag skal få høve til å senda to delegatar til årsmøtet**

162 Vestland SV skal arbeide spesielt for å hjelpe dei lokallag som har mindre enn 30
163 medlemmar, slik at desse får høve til to delegatar ved fylkesårsmøte. Målet for perioden er
164 at minst 5 av desse lokallaga skal ha meir enn 30 medlemmar.

165

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Vestland SV skal hjelpe små lokallag med organisasjonsbygging. T.d. kursing av tillitsvalde og økonomisk bidrag til lokal-lag med få medlemmar.	I mellomvalår	Fylkesstyret
2 Vestland SV skal legge til rette for bruk av alle digital verktøy tilbyd av SV-sentralt for å styrkje aktiviteten i lokallaga.	Våren 2025	Fylkessekretæren
3 Vestland SV skal legge til rette for tettare samarbeid gjennom å skape møtepunkt mellom geografisk nærstående lokallag .	Frå 2026	Fylkesstyret

166
167
168

4.1.4. Delmål: Meir mangfaldig representasjon i fylkeslaget

169 Nokre grupper lyt me arbeide meir systematisk måte for å tiltrekkje oss. Me ynskjer å nå
170 ut til fleire minoritetar, og få dei til å bli medlemar og aktive i partiet. Me lyt nå ut til
171 fleire unge vaksne, og fagorganiserte, spesielt i distriktslaga våre.

172 I arbeidet i framkant av listestilling til kommune- og fylkesting, er det sær viktig å få
173 fleire frå dei gruppene me ynskjer å rekruttere inn på våre samlingar.

174
175
176
177

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesstyret skal saman med utvala og lokallaga arbeide for å finne kandidatar med bakgrunn frå underrepresenterte grupper.	Årleg før års- og nominasjonsmøta	Fylkesstyret, utvalsleiarane, lokallaga
2 Vestland SV skal vere til stades på viktige arrangement til organisasjonar og rørsler me har samanfallande interesser med. Fylkeslaget skal særleg prioritere arrangement som rettar seg mot minoritetar og andre grupper me ynskjer å tiltrekkje oss.	Kontinuerleg	Fylkesstyret, utvala

178
179

4.2. Mål: Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar

180 SV er ein organisasjon i vekst. Ein av prioriteringa til Vestland SV vil vere å skulere
181 tillitsvalde, folkevalde og kandidatar slik at dei er godt kjend med vervet dei har, samt dei
182 organisatoriske og politiske prioriteringane til landsstyret og fylket. Det er særleg viktig
183 med skulering i åra som ikkje er valår slik at dei tillitsvalde kan prioritere dette. Alle
184 lokallagsleiarar og fylkesleiarar skal gjennomføra grunnskulering for tillitsvalde og få
185 tilbod om vidare skulering med fokus på rolla som leiar og utvikling av SV som
186 organisasjon. Skuleringstilbodet i Vestland SV skal vere systematisk og pågåande.

187

188 **4.2.1. Delmål: Godt skulerte tillitsvalde som er trygge i rolla si**

189 SV er oppteken av skulering i verv i denne perioden. Vestland SV vil også legge til rette
190 for at medlem i fylket er godt skulert i organisasjonsbygging, retoriske verkemiddel,
191 arbeid i kommunestyret og sosiale media.

192
193 Alle tillitsvalde skal i løpet av valperioden gjennomføre SV sin grunnskulering for
194 tillitsvalde.

195

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesstyret skal delta på årlege skuleringar, gjerne i samarbeid med sentralt	Årleg	AU
2 Vestland SV skal invitere alle lokallagsleiarar/bydelslagsleiarar/styremedlem til skulering ein gong i halvåret. Skuleringa kan vere digitalt eller med fysisk møte.	Frå 2026	Fylkesstyret

196

197

198 **4.2.2. Delmål: Godt skulerte folkevalde som deler erfaringar seg imellom**

199 For å få mest mogleg gjennomslag må me ha godt skulerte folkevalde. Folkevalde skal ha
200 tilbod om oppfølging og erfaringsdeling gjennom fireårsperioden.

201

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Alle folkevalde skal få tilbod om skulering i det daglege arbeidet som folkevald. Skulering i budsjettarbeid skal prioriterast.	Frå 2026	Fylkesstyret
2 Vestland SV skal arrangere to folkevaldsamlingar (digitale og/eller fysiske) årleg.	Årleg	Fylkesstyret, folkevald-ansvarleg
3 Vestland SV skal arrangere digitale erfaringsmøte for eineståande folkevalde 2-4 gonger i halvåret.	Årleg	Fylkesstyret, folkevald-ansvarleg

202

203

204 **4.2.3. Delmål: Godt skulerte kandidatar til fylkestings- og lokalvalet**

205 For å få gode valresultat må me ha godt skulerte kandidatar. Dette får ein ved å utveksle
206 erfaring og ved å skulere seg.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Vestland SV skal bidra med skulering i valkamp og rolla som førstekandidat for dei lokale folkevalde i fylket.	Planlegging hausten 2026, gjennomføring våren 2027	Fylkesstyret

207 **4.3. Mål: Eit solid og veldrive fylkeslag**

208 Ein solid og veldreven organisasjon med samarbeid mellom dei ulike ledda er ein
209 føresetnad for gode valkampar og politiske gjennomslag. Det er difor eit mål for Vestland
210 SV å styrkje økonomien i laget, styrkje samarbeid og informasjonsutveksling mellom
211 ulike organisasjonsledd og å arbeide meir effektivt og målretta.
212

213 **4.3.1. Delmål: Styrkje økonomien i fylkeslaget**

214 Det er for kommande periode viktig at Vestland SV ytterlegare styrkar økonomien, og
215 økonomiarbeidet sitt. Å styrkje lokallaga sitt økonomiarbeid er ein føresetnad for ein god
216 organisasjon over tid. Det er viktig at lokallaga ikkje står aleine om økonomiarbeidet.
217
218

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Informasjon om korleis ein vert givar via frivillig- kontingent ordninga skal være enkelt tilgjengeleg på Vestland SV og lokallagas nettsider.	Når ordninga for frivilligkontingent er klar	Fylkessekretær
2 Fylkeslaget skal følgje opp lokallaga sin praksis med partiskatt, og sørge for at partiet sine vedtektene følgast.	Kontinuerleg	Kasserar og fylkessekretæren
3 Kandidatane skal gjerast kjent med partiskatt før nominasjonsmøta.	Før nominasjonsmøta	Valnemndene for fylkes- og lokalvala
4 Det skal utarbeidast skuleringsopplegg i økonomistyring og regnskapsføring for lokallag.	Våren 2025	Kasserar og fylkessekretæren

219
220
221

222 **4.3.2. Delmål: Styrkje lokallag med få aktive medlem**

223 Vestland SV har mange små lokallag der eit fåtal engasjerte nøkkelpersonar står for
224 mykje av aktiviteten. For å gjere dei minste laga mindre sårbare og sikre at me klarar å
225 stille flest mogleg lister, er det eit mål i styrkje små lokallaga med få aktive medlemmar.
226
227

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesstyret skal setje ned eit utval som skal finne eigna tiltak for å styrkje dei små lokallaga.	Etter valet	Fylkesstyret

228

229 **4.3.3. Delmål: Godt samarbeid mellom fylket og lokallaga og lokallag imellom**
230 Eit godt samarbeid med lokallaga, og lokallaga seg imellom, er viktig for å nå måla våre.
231 Ved å vere tilgjengelege for og behjelpelege ovanfor kvarandre kan ein sikre at
232 informasjonsflyten er god, at behova til laga vert møtt og at me alle vert sterkare.

233
234 I Vestland har me mange lokallag som finn på kreative aksjonar og tilstellingar. Det bør
235 vere eit mål at lokallaga deler gode døme og idear slik at me kan lære av kvarandre.

236
237

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Arbeidsutvala i Vestland og Bergen SV skal ha to årlege møter for å snakke om sakar som rører begge partar, til dømes å koordinere arbeid, drift og dei tilsette sine arbeidsforhold.	To gongar i året	AU
2 Fylkesstyret skal syte for å arbeide for samarbeid mellom geografisk nære lokallag, til dømes gjennom regionale samlingar og skuleringar. Tillitsvalde skal ha kontakt med og læra av kvarandre.	I mellomvalår	Fylkesstyret
3 Vestland SV skal fremje vellukka dømer frå arbeid i lokallaga som andre lokallag i fylket kan få inspirasjon frå. Lokallaga skal melde inn til fylkeslaget gode døme på gjennomførte arrangement, politiske gjennomslag og liknande.	Kontinuerleg	Fylkesstyret og lokallaga

238
239

240 **4.3.4. Delmål: Nytte digitale verktøy til å jobbe smartare**

241 Digitale verktøy mogleggjer meir effektiv mobilisering og organisering. Dette kan betre
242 slagkrafta vår når det gjeld å få bodskapet og folka våre ut.' Det er eit mål at alle
243 mellomstore lokallag skal nytte Zetk.in.

244

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesstyret skal kontakte alle lokallag med 50 eller fleire medlem og oppmode dei til å nytte Zetk.in	Våren 2025	Fylkesstyret
2 Fylkeslaget skal leggje til rette for at så mange lokallag som mogleg skal ta i bruk Zetk.in og andre digitale verktøy SV sentralt tilbyr, til dømes ressursbanken.	Våren 2025	Fylkesstyret og fylkessekretæren

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
3	Organisasjonen skal skulerast i Zetk.in som er eit mobiliserings- og organiseringsverktøy kor ein kan organisere og melde seg på aktivitetar.	Våren 2025 Fylkesstyret, fylkessekretæren

245
246
247
248
249

4.3.5. Delmål: Arbeidsplanen skal vera eit arbeidsdokument for fylkesstyret som sikrar at dei gjennomfører det årsmøtet ynskjer.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret skal, kort tid etter fylkesårsmøtet, samlast for å operasjonalisere måla i planen. Fylkesstyret skal prioritere kva mål som skal gjennomførast fyrst og sist, tidfeste gjennomføringa av måla for året, konkretisere måla til handfaste oppgåver og fordele oppgåvene mellom medlemmane i styret.	Innan utgangen av mars 2025 AU (leggje rammer), fylkesstyret

250
251

4.4. Mål: Aktive utval som bidreg til politikktutvikling og medlemsaktivitet

Utval både nasjonalt og lokalt gjer ein viktig del av arbeidet for å skape ny, inkluderande politikk. Utvala må sjølve skape aktivitet, men fylkesstyret og fylkeslaget skal legge til rette for gode og aktive utval gjennom perioden.

Vestland SV har som mål å ha kvinnepolitisk-, miljøpolitisk-, fagleg-, distriktpolitisk-, internasjonalt- og inkluderingspolitisk utval. Om medlemmer er interessert i å starte andre utval eller nettverk, bør Vestland SV støtte dette.

For å få ut det fulle potensialet av utvala må dei ha ei breiast mogleg forankring i ulike miljø og i heile fylket. Utvala skal, så langt det er mogeleg, være mangfaldige og representere heile fylket.

265
266

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret set ned utvala og skal være delaktig i å rekruttere nye medlemmar.	Ikkje meir enn to månader etter årsmøtet Fylkesstyret, AU, utvalsleiarane
2	Lokallaga skal hjelpe til med å leite etter gode kandidatar til utvala	Rett etter årsmøtet Alle årsmøteutsendingane
3	SU skal inviterast til å melde inn kandidatar til utvala	Rett etter årsmøtet AU og fylkessekretæren
4	Fylkesstyret skal i samråd med utvalsleiarane vedta mandat for og forventingar til kvart utval.	Ikkje meir enn to månader etter årsmøtet Utvalsleiarane og fylkesstyret

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
5	Utvala skal bidra til politikktutvikling gjennom å levere innspel og fråsegner til fylkesstyret, fylkesårsmøtet, programarbeid og andre relevante prosessar i partiet.	Kontinuerleg Utvalsleiarane
6	Utvala har ansvar for å halde kontakt med relevante rørsler innan utvalet sitt felt	Kontinuerleg Utvalsleiarane
7	Utvala har ansvar for å markere relevante merkedagar og bidra til mobilisering før desse.	Kontinuerleg Utvalsleiarane
8	Utvalsleiar skal oppdatere fylkesstyret på kvart fylkesstyremøte	Kontinuerleg Utvalsleiarane
9	Politisk nestleiar skal ha oversikt over aktiviteten i utvala og skal hjelpe utvalsleiarane å utøve mandatet sitt.	Ved behov Politisk nestleiar

267
268
269

270 **4.5. Mål: Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom**

271 Eit sterkt Sosialistisk ungdom (SU) styrkjer partiet vårt. Ungdomane i Vestland SU er
272 særst viktige for SV og eit godt samarbeid gjer oss betre. SU med sine mange unge,
273 engasjerte og erfarne aktivistar ber skulevalkampen, og står dessutan for eit avgjerande
274 valkampsbidrag for partiet.

275

276

277 **4.5.1. Delmål: Eit godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom**

278
279

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesleiar skal to gongar i året invitere til samarbeidsmøte mellom leiinga i Vestland SV og Vestland SU. Dersom det er naudsynt blir det teke initiativ til fleire. Utover dette skal leiinga søkje å halde god kontakt og informere kvarandre.	To gongar i året Fylkesleiarane
2	SU deltek på fylkesårsmøta med si eiga kvote og har også eigne representantar i ulike nemnder og i utvala. I tillegg vert Vestland SU inviterte til seminar og samlingar i Vestland SV. Dette er viktig for å bli kjent med kvarandre, dele erfaringar og å lære av kvarandre.	Ved høve Fylkesstyret, SU

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
3	Gje SU-medlemmar i distrikta som t.d. ikkje har lag i kommunen sin høve til å velje å vera aktiv i sitt lokale SV-lag. Vestland SU skal informere lokallaga om SU-medlem utan SU-lokallag.	Kontinuerleg	Fylkesstyret Lokallag utan SU-lag Vestland SU

280

281

282

283 **4.5.2. Delmål: Støtte Sosialistisk ungdom til å vinne skulevalet**

284 Sosialistisk Ungdom skal få god støtte under skulevalkampen og saman skal me vinne
285 han!

286

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	SU organiserer og gjennomfører skulevalkampen og ber om hjelp frå SV om det trengst.	I samband med skulevalkampen	Vestland SU
2	Fylkessekretær skal vere tilgjengeleg for å finne sjåførar og anna logistikkhjelp for å gjennomføre skulevalkampen.	I samband med skulevalkampen	Fylkessekretæren

287

Sak 6 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-28

Vestland SV har en sunn økonomi med 936 000 kroner på konto, samt 657 000 kroner i utestående fordringer ved årsslutt 2024. Resultatrapporten for 2024 viser et overskudd på 300 000 kroner, noe mindre enn budsjettet overskudd på 363 000 kroner.

På tross av en sunn økonomi er det et par utfordringer de neste årene. Lønnsutgiftene er estimert til å øke mer enn inntektene, og er den største driveren som gjør at vi styrer mot et kraftig underskudd i fireårsperioden om vi ikke gjør en del endringer i løpet av fireårsperioden. Om vi fortsetter som i dag ville vi ha endt med et underskudd på vel 600 000 kroner i fireårsperioden. Grunnen til den kraftige økningen i lønnsutgifter er delvis høy forventet lønnsvekst i fireårsperioden og en endring i fordelingen med sentralt, hvor vi nå tar en større del av utgiftene enn før.

På inntektssiden er det gjort følgende grep for å øke inntektene:

- bidrag fra fylkestingsgruppen har blitt justert for lønns- og prisvekst i hele perioden, mens det før var en fast årlig sum uten slik justering. For 2028 er disse inntektene høyst usikker, da de avhenger av valgresultatet i 2027.
- egenandel for fylkesårsmøte økes med 20% i 2026, og ytterligere noen prosent de neste årene. Økningen i egenandel kan være problematisk for enkelte lokallag. Lokallag som har en stram økonomi kan søke om fritak eller redusert egenandel, gitt at de tar inn partiskatt i tråd med vedtektene.
- autogirogaver og medlemskontingent er også estimert til å øke noe, men mindre enn tidligere budsjettet.

På utgiftssiden er det gjort følgende grep:

- utgifter til kontortjenester er redusert. Her har man endret til billigere regnskapsprogram og skal se på andre innsparingstiltak.
- budsjett til reiser, fylkesstyret og løyvingar er alle redusert noe.
- stoppe bruken av GoPlenum under fylkesårsmøte vil spare fylkeslaget for vel 20 000 kroner per årsmøte. I tillegg er det foreslått å holde møtene i Bergens-regionen i fireårsperioden, noe som gir en besparelse på 100 000 kroner totalt.
- overføringene til Vestland SU er redusert til med 10 000 kroner i valgår, slik at de er 75 000 kroner hvert år. I tillegg må Vestland SU sende inn regnskap og balanserapport fra foregående år, slik at man kan justere beløpet etter den økonomiske situasjonen i både Vestland SV og SU.

Med de foreslåtte endringene, og takket være permisjon hos en ansatt i 2025 som sparer Vestland SV 165 000 kroner i lønnsutgifter, ender Vestland SV opp med et overskudd på 73



000 kroner i fireårsperioden. Dette er i økonomiansvarlig sine øyne ikke et godt nok resultat. Vestland SV gjorde sitt beste valg i 2021 siden fylkesvalget i Hordaland i 2003. I perioder med gode valgresultat og høyt medlemstall bør fylkeslaget bygge opp økonomien, slik at vi får spart opp penger til perioder med dårligere valgresultat. Det målet når vi ikke med dette forslaget, på tross av flere grep for å bedre økonomien.

Grepene som er tatt for å bedre økonomien er, etter økonomiansvarlig sitt syn, realistiske. I 2025 skal det jobbes videre med å se på muligheten til å redusere utgiftene mer, samt gjøre en vurdering av egenandelene til fylkesårsmøtet og nominasjonsmøtet. I første omgang vil man se på muligheten til å redusere utgiftene til kontordrift, kontortjenester og fylkesårsmøtet. Når leieavtalen til dagens kontorer nærmer seg utløp bør man vurdere behovet angående størrelse og plassering.



Inntekter	2025	2026	2027	2028	2024
Offentleg støtte	845 285	887 549	931 926	976 304	805 033
Medlemskontingent	220 000	225 000	225 000	230 000	215 235
Autogiro-gåver	40 000	40 000	45 000	45 000	38 789
Partiskatt	250 000	262 500	275 625	288 750	229 362
Renteinntektar	7 500	7 500	7 500	7 500	5 851
Adm.kostnader - FT	231 750	243 338	255 504	268 280	225 000
Lønskostnader - FT	566 500	594 825	624 566	655 795	550 000
Lønskostnader - Bergen SV	171 491	180 066	189 069	198 522	163 325
Eigenandel fylkesårsmøte	100 000	120 000	125 000	130 000	100 000
Eigenandel nominasjon	0	80 000	0	80 000	75 400
Sparte midler - permisjon	165 000	0	0	0	0
Bidrag frå SV sentralt	25 000	0	0	0	25 000
Diverse	0	0	0	0	11 125
Sum inntekter	2 622 526	2 640 777	2 679 191	2 880 151	2 444 120

Utgifter	2025	2026	2027	2028	2024
Kontorleige	151 956	159 554	167 531	175 908	144 720
Kontordrift	104 799	110 039	115 541	121 318	99 809
Kontortenester	25 000	20 000	20 000	20 000	27 732
Kontorutstyr	5 000	5 000	5 000	5 000	2 563
Personalkostnader	1 472 000	1 536 000	1 632 000	1 728 000	1 324 610
Personal: Reise o.l.	15 000	15 000	15 000	15 000	16 748
Møter/reiser	15 000	15 000	15 000	15 000	11 658
Fylkesstyret	15 000	15 000	15 000	15 000	14 125
Landsstyret	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Landsmøte	200 000	0	200 000	0	0
Fylkesårsmøte	200 000	200 000	200 000	200 000	234 924
Nominasjonsmøte	0	100 000	0	100 000	87 551
Nominasjonsnemnd	0	5 000	0	5 000	8 656
Politiske utval	20 000	20 000	20 000	20 000	25 084
Gåver	3 000	3 000	3 000	3 000	6 351
Løyvingar	3 000	3 000	3 000	3 000	3 500
Vestland SU	75 000	75 000	75 000	75 000	75 000
Bankgebyr	1 500	1 500	1 500	1 500	3 568
Valkamp	550 000	0	500 000	0	0
Annonsering	5 000	5 000	5 000	5 000	5 792



Annen kostnad	0	0	0	0	26 461
Sum utgifter	2 886 255	2 313 093	3 017 573	2 532 726	2 143 851
Resultat per år	-263 729	327 684	-338 381	347 424	300 269

Resultat fire år	73 998
-------------------------	--------

Sak 7 Val av delegasjon

Delegatar, varadelagatar og observatørar frå Vestland SV

Delegatar,
varadelagatar og
observatørar frå
Vestland SV

Rolle	Namn	Lokallag
Delegat	Ivar Stefansson	Bergen
Delegat	Eva Mikkelsen	Bergen
Delegat	Salman Chaudhry	Bergen
Delegat	Marthe Hammer	Bergen
Delegat	Alexander Papas	Bergen
Delegat	Mikkel Grüner	Bergen
Delegat	Eira Vilde Martinsen Garrido	Bergen
Delegat	Ingrid Eggereide	Bergen
Delegat	Zohar Malamant	Bergen
Delegat	Frøydis Olaussen	Bergen
Delegat	Liv Endresen	Luster
Delegat	Yvonne Nshimirimana	Sogndal
Delegat	Anne Skaar	Sogndal
Delegat	Gaute Losnegård	Askvoll
Delegat	Hilde Iren Rivedal	Sunnfjord
Delegat	Mari Svartveit Hansen	Ullensvang
Delegat	Asle Olsen	Bjørnafjorden
Delegat	Hilde Hauglid	Stord
Delegat	Arild Iversen	Askøy
Delegat	Silje Nordtveit Olsen	Kvinnherad
Delegat	Kjartan Haugsnes	Vaksdal
Delegat	SU utpeikar	
1. vara/ observatør*	Ragnhild Freng Dale	Bergen
2. vara / Observatør*	Roy Håkon Jensen	Osterøy
3. vara	Diane Berbain	Bergen
4. vara	Magne Aardal	Sunnfjord
5. vara /observatør	Marita Nikolaisen	Askøy
6. vara	Torunn Olsnes	Bergen
7. vara	Craig Bøthin	Bjørnafjorden



8. vara	Kuberan Thurarajja	Bergen
9. vara	Marianne Sæhle	Bergen
10. vara	Kai Øystein Søvde	Luster
11. vara	Andreas Madsen Berg	Bergen
12. vara	Gabriel Steinsbekk	Bergen

* Observatører betalt av fylkeslaget

Vestland har totalt 9 overvårplassar. Varaar frå 3. plass og nedover kan få status som observatør om lokallaga betalar deltakaravgift, reise og overnatting. Fylkeslaget tilbyr 5000 kr i tilskot per observatør så langt budsjettet rekk. Vi prioriterer tilskotet i tråd med plasseringa på varalista.



Sak 7 Val av ny valnemnd

Framleggsstillar: Fylkesstyret

Framlegg til ny valnemnd for Vestland SV

Veronica Ruud (leiar), ikkje på val, Askøy, på val i 2026

Steinar Øydvin, ny, Sogndal, på val i 2027

Bente N Owren, attval, Bergen, på val i 2027

Frøydis Olaussen, ny, Bergen, på val i 2027

Gjermund Kongshaug, ikkje på val, Tysnes, på val i 2026

Vestland SU stiller med ein person

Sak 7 Val av fylkesstyre, landsstyrerepresentantar og revisorar.

Framleggsstillar: Valnemnda 2024-2025

Fylkesstyret 2025-2026

Namn	Rolle	Valperiode	Lokallag
Jarle Brattespe	Leiar	Ny (i rolla) - på val for eitt år	Bergen
Vibeke Johnsen	Politisk nestleiar	Ny (i rolla) - på val for eitt år	Sogndal
Eva Mikkelsen	Organisatorisk nestleiar	Ny (i rolla) - på val for eitt år	Bergen
Asle Olsen	Økonomiansvarleg	Ikkje på val før 2026	Bjørnafjorden
Silje Nordtveit Olsen	Folkevaldansvarleg	Ny (i rolla) - på val for eitt år	Kvinnherad
Kai Øystein Søvde	Distriktpolitisk ansvarleg	Ikkje på val før 2026	Luster
Jens Revold	Miljøpolitisk leiar	Velges for 2 år	Bergen
Knut Remi Heimvik	Fagpolitisk ansvarleg	Ikkje på val før 2026	Bergen
Erle Liliane Wesenlund	Kvinnepolitisk leiar	Ny – velges for 2 år	Ullensvang
Milkissa C. Wodajo	Medlem	Ikkje på val før 2026	Bjørnafjorden
Mari Svartveit Hansen	Medlem	Velges for 2 år	Ullensvang
Bente Nilsen	Medlem	Velges for 2 år	Kvinnherad
	Medlem	Representant frå SU	

Vestland SU møter med ein representant i fylkesstyret i Vestland SV. Denne vel dei sjølve.



Landsstyrerepresentantar 2025-2026

Namn	Rolle	Valperiode	Lokallag
Jarle Brattespe	Fast representant	Eitt år	Bergen
Vibeke Johnsen	Fast representant	Eitt år	Sogndal
Eva Mikkelsen	1. vararepresentant	Eitt år	Bergen
Kai Øystein Søvde	2. vararepresentant	Eitt år	Luster
Milkissa C. Wodajo	3. vararepresentant	Eitt år	Bjørnafjorden
Silje Nordtveit Olsen	4. vararepresentant	Eitt år	Kvinnherad

Revisorar 2025-2026

Namn	Rolle	Valperiode	Lokallag
Hege Bjørnør	Revisor	Velges for eitt år	Bjørnafjorden
Lasse Turøy	Revisor	Velges for eitt år	Alver
Einar Gautefall	Vara	Velges for eitt år	Sunnfjord

Valnemnda har vore:

Veronicka Ruud, leiar (Askøy), Hege Lægreid Røssland (Kvinnherad), Magne Aardal (Sunnfjord), Bente Nilssen Owren (Bergen), Gjermund Lygre Kongsvik (Tysnes) og Andreas Liheim (supplert)(SU).

Presentasjon av fylkesstyret

Leiar

Jarle Brattespe, 39 år, Bergen SV

Utdanna biolog, jobbar som prosjektleiar på Robin Hood Huset og lærar på Bergen Katedralskole, gift med Chris.

Politisk erfaring

Vart verva under ein demonstrasjon mot Irakkriegen i 2003 og har vore aktiv i partiet sidan starten på 10-talet, særleg frå 2013-valkampen. Har sete i bystyret i Bergen, vore miljøpolitisk leiar nasjonalt og i Hordaland, politisk nestleiar i Vestland det siste året.

Viktigaste SV-saker

Klima og natur, samferdsle og fordeling. Tydeleg nei til Hordfast, tydeleg ja til rassikring, Bybanen og opprusting av Bergensbanen.

Viktigaste prioriteringar framover

Vere meir i kontakt med medlemmane våre og invitere til aktivitet. Fram til 8. september vil nesten alt handle om å få to eller tre representantar valt til Stortinget. Etter valet vil mykje handle om å styrke organisasjonen, og særleg dei små laga.

Politisk nestleiar

Vibeke Johnsen, 58 år, Sogndal SV

Leiar i HR, Vestland fylkeskommune. Gift, to vaksne barn.

Politisk erfaring

Vara til kommunestyret i Sogndal i 2007, fast representant i 2011, møtt fast i formannskapet sidan 2013. Varaordførar førre periode. Vore styremedlem og tidlegare leiar i Sogndal SV, medlem i fylkesstyret i Sogn og Fjordane SV og leiar dei siste åra før samanslåinga.

1. kandidat for Sogn og Fjordane SV til stortingsvala i 2013 og 2017. Nestleiar i kvinnepolitisk utval i SV (2009-2017). Kvinnepolitisk leiar i Vestland SV, organisatorisk nestleiar og medlem i AU siste året.

Breitt interessefelt politisk, oppteken av rettferdig fordeling av makt og rikdom, internasjonal solidaritet og at vi skal klimakutte og ta vare på naturen vår.

Organisatorisk nestleiar

Eva Mikkelsen, 58 år, Bergen SV

Rådgivar og prosjektleiar i Helse og omsorg, Alver kommune.

Politisk erfaring

Medlem i Fylkesstyret frå 24, varamedlem i Samepolitisk råd.

Viktigaste saker i Vestland i kommande periode

Traséval for ny kraftlinje Haugalandet-Bergen, oppgradering av Bergensbanen, flaum og rassikring av utsett infrastruktur. Sjølvforsyning og berekraftig jordbruk i Vestland.

Organisatorisk: Oppleving av å høyra til i lokal- og fylkeslag, fleire medlemmer, aktivitetar som speglar aktuell politikk der folk bur.

Økonomiansvarleg

Asle Olsen, 43 år, Bjørnafjorden SV

Jobbar offshore innan oljeservice.

Politisk erfaring

Inne i andre periode som gruppeleiar i Bjørnafjorden SV. Ein periode i plan-, bygg- og miljøutvalet, i denne perioden i formannskapet. Økonomiansvarleg i Vestland SV.

I rolla som økonomiansvarleg blir det viktigaste å sikra at Vestland SV har ein sunn og berekraftig økonomi.

Kvinnepolitisk leiar

Erle Liliane Wesenlund, 33 år, Ullensvang SV

Sjølvstendig næringsdrivande, driv eigen rosa kafé i Odda.

Politisk erfaring

Sit i styret i Ullensvang SV, vara i utval for kultur og levekår. Medlem av kvinnepolitisk utval i Vestland SV i 2 periodar. Leiar i Palestinakomiteen i Ullensvang.

Viktigaste kvinnepolitiske saker i kommande periode

Fokus på og meir forskning på kvinnehelse i alle livets fasar, abortsaka, likestilling, vald mot kvinner som eit samansett problem.

Distriktpolitisk ansvarleg

Kai Øystein Søvde, 49 år, Luster SV

Grafisk designar, sveinebrev i Serigrafi. Tillitsvalt sidan 2006, styremedlem i Fellesforbundet avd. 856 sidan 2013. Kasserar i LO i Sogn frå 2016 og Grafisk bransjeråd sidan 2023. Vore med i Luster Røde Kors i fleire år.

Politisk erfaring

Medlem i SV sidan 2021, vore med å gjenstifta lokallaget, vore leiar og fyrste kandidat i kommunevalet 2023. 1. vara i kommunestyret.

Viktigaste saker kommande periode

Trygt arbeidsliv, trygge vegar og godt samferdsle tilbod. Frivilligheita er naudsynt for at me klarar å halde liv i distrikta.

Folkevaldansvarleg

Silje Nordtveit Olsen, 41 år, Kvinnherad SV

Rettleiar på Nav, utdanna sosialantropolog og pedagog

Politisk erfaring

Leiar Kvinnherad SV, 3 periodar i kommunestyret, ein periode som leder i levekårsutvalet, sitt no i kommunestyret som gruppeleiar, representant i formannskapet og eigarskapsutvalet. Vestland SV fylkesstyret - i 2024 vald til andre periode

Viktige saker i Vestland framover

Kraftpolitikk, samferdsel, industri og grøn omstilling, naturvern. Rettferdig fordeling. Bygga sterke lokallag.

Miljøpolitisk leiar

Jens Revold, 76 år, Bergen SV

Tidlegare jobba ved Noregs fiskerihøgskule og Havforskningsinstituttet, no pensjonert. Har i laupet av yrkeslivet hatt eit stort internasjonalt engasjement retta mot land i alle verdsdelar, inklusive Russland.

Politisk erfaring

Politisk lang fartstid i Tromsøpolitikken, SV-medlem frå danninga i 1975. Vore gruppeleiar for SV i kommunestyret og leiar i plan og næringskomiteen. Tidlegare vore styremedlem i Bergen SV. Fylkesstyret Vestland SV, frå hausten 2022 leier av Miljøpolitisk utval.

Politisk interesse og viktige saker

Miljø, transport, næring, internasjonal politikk

Fagpolitisk leiar

Knut Remi Heimvik, 52 år, Bergen SV

Leiar for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst i Fagforbundet Vestland.

Politisk erfaring

Vara til Utvalg for Barnehage, skule og Idrett (3 periode). Leiar for Arna bydelslag. Fagpolitisk leiar, Vestland SV.

Viktigaste saker

Arbeidslivspolitik. Fagrørsle, offentleg velferd og fellesskapsløysingar. Sterkt imot privatisering.

Medlem

Mari Svartveit Hansen, 41 år, Ullensvang SV

Har jobba med PR og journalistikk. Har gjeve ut bok.

Politisk erfaring

Kommunestyrerepresentant for SV i Ullensvang, nestleiar i Kultur og Levekår i Ullensvang. Vara i Rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Vara i næring i Vestland Fylke.

Viktigaste saker

Rassikring, kraftpolitikk, tog, kultur, funkispolitikk.

Medlem

Milkissa Wodajo, 42 år, Bjørnafjorden SV

Bachelor i undervisning, master i journalistikk og kommunikasjon, PPU i Noreg. Lærer i Etiopia og Noreg. Flyktningkonsulent og lærar i introduksjonsprogrammet.

Politisk erfaring

Medlem av SV sidan 2020, tidlegare styremedlem i Sogndal SV, leiar for inkluderingspolitiskutval i Vestland SV, og 3. vara til SVs nasjonale styre.

Viktigaste saker

Mangfald og inkludering, miljø

Medlem

Bente Nilsen, 52 år, Kvinnherad SV

Driftsansvarleg i Kvinnherad frivilligsentral. Etterutdanning på BI og forsikringsakademiet.

Politisk erfaring

SV Sogn og Fjordane, fylkessekretær. Vore med i lokalstyret i mange år. Tidlegare folkevald i Flora og seinare Kinn på 5. perioden – 3 periodar i formannskap og gruppeleiar, 1 periode som varaordførar

Viktige saker/politisk interessefelt

Organisatoriske prosessar og medverknad av lokallag. Redusere sosiale skilnader.